



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 14.11.2016
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 38/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 39/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 40/16	Orienteringssak vedr. områdereguleringsplan for Bjørkheim		2014/240
PS 41/16	Orienteringssak om bruk av kaien i Rolvsvåg		2014/240
PS 42/16	Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak - ny handsaming		2016/97
PS 43/16	Vurdering på om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2016/98
PS 44/16	Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt		2016/38
PS 45/16	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020		2015/131
PS 46/16	Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020		2015/65
PS 47/16	Referatsaker		
RS 21/16	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 22/16	Rekneskapsoversyn for kontrollutvalet sitt budsjett pr. 02.11.16		2016/37
RS 23/16	Sluttrapport Samnangerheimen		2016/48
RS 24/16	Rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune		2015/135
RS 25/16	Finansrapportering pr. 2. tertial 2016 og økonomirapportering pr. august 2016		2016/38
PS 48/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 49/16	Eventuelt		

PS 38/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 39/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-9
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	40/16	14.11.2016

Orienteringssak vedr. områdereguleringsplan for Bjørkheim

Bakgrunn

I møte 15.09.16 vart det under eventuelt drøfta aktuelle orienteringssaker. Det vart gjort slikt vedtak:

«Til neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at slik orienteringssak vert lagt fram:

- *Orienteringssak om reguleringsplan for Bjørkheim, særleg vedr. planlegging av parkeringsplassar.»*

Det er teke kontakt med rådmann om å få orientering om denne saka i møte 14.11.16. Rådmann har svara tilbake at administrasjonen kan stille på møtet og informere om områdereguleringsplan for Bjørkheim.

Drøfting

Orienteringssaka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 219
Arkivnr: 2014/240-10
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	41/16	14.11.2016

Orienteringssak om bruk av kaien i Rolvsvåg

Bakgrunn

I møte 15.09.16 vart det under eventuelt drøfta aktuelle orienteringssaker. Det vart gjort slikt vedtak:

«Til neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at slik orienteringssak vert lagt fram:

- *Orienteringssak om avtaler som er inngått vedr. bruk av kaien i Rolvsvåg til tømmertransport. Har kommunen inntekter frå bruk av kaien, og i tilfelle kor store inntekter.»*

Det er sendt førespurnad til rådmann om orientering i saka til møte 14.11.16. Rådmann svara slik i mail 04.11.16.:

«Vedlagt finn du avtalen samt brevet som vart sendt til Vestskog. Det er ikkje den signerte avtalen som ligg ved. Eg jobbar heimafrå og har ikkje tilgang til den. Det er ingen endring i høve til den som ligg ved.

Som du vil sjå er avtaleperioden avslutta. Vi har munnleg avtalt å forlenge den. Seinast i førre veke ga eg melding om at avtalen kunne forlengast ut første kvartal 2017. Evt litt lenger avhengig av når nyetablert bedrift i feltet treng regelmessig tilgang til kaia.

Med rekning sendt for tredje kvartal i år vil dei ha betalt kr 72.144.»

Leigavtale og brev vedr. leigeavtale er vedlagt.

Drøfting

Orienteringssaka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Avtale om leige av Rolvsvåg kai
- Brev til Vestskog vedr. Rolvsvåg kai – leigeavtale datert 29.06.15

Avtale om leige av Rolvsvåg kai

Utleigar: **Samnanger kommune**; Tyssevegen 217, 5650 Tysse

Leigetakar: **Vestskog BA**, Røystrandvegen 4, 5736 Granvin

Vestskog BA får med denne avtalen rett til å nytta Rolvsvåg kai med tilgrensa område til mellombels lagring og utskipping av tømmer.

Tidsrom: 01.07.2015 – 30.06.2016

Belastning: Tømmeret skal fordelast jamt med maks belastning på 3.5 tonn/m².

Leigepris: kr 7,- pr m³ tømmer

Vestskog sender Samnanger kommune oversikt over m³ tømmer skipa ut over kaien pr. 1.10 og 15.12. 2015 og 1.4 og 30.6.2016.

Skade: Vestskog skal dekkja reparasjonar av evt. skader som oppstår som fylgje av deira bruk.

Sikring: Vestskog er pålagt å sikra at tømmeret med tømmerstøtter m.m. slik at tømmeret ikkje kan rasa ut. Frå kaifront til tømmerlageret skal det vera minimum 1 meter.

Reinhald: Vestskog skal reingjera kaien regelmessig slik at det ikkje hopar seg opp med bork og flis.

Tilgjenge for andre: Andre skal ha rett til å nytta kaien til lossing/lasting. Vestskog skal på maks 14 dagars varsel ha rydda kaia slik at andre kan nytta den.

Tysse2015

.....

Samnanger kommune

Vestskog BA



Vestskog v. Rekve

Skrivet vert berre sendt som e-post

Vår referanse:
09/202/15/5112/ASK/TR

Arkivkode:
FE-611, FA-P27

Dykkar referanse:

Dato:
29.06.2015

ROLVSVÅG KAI - LEIGEAVTALE

Samnanger kommune viser til førespurnad om leige av kommunal kai i Rolvsvåg til mellombels lagring og utskipping av tømmer. I e-post av 23.06.2015 vert det bedt om å få starta evt. utskipping frå 15.07.2015. Me har og fått tilsendt kopi av nokre leigeavtaler.

Av ulike grunnar har denne saka teke noko tid. Sjølv om ikkje alt er avklara, vil Samnanger kommune med dette tilby Vestskog å leiga kaien på Rolvsvåg. Den kommunale kaia i Rolvsvåg vart bygd samstundes som kommunen la til rette for næringsverksemd i området, og det var føresett at kaien skulle brukast av alle som var etablerte i området. Det er først og fremst Con-Form Bergen som har brukt kaien, og her har det vore ein munnleg avtale med Con-Form Bergen om at dei skal kunne nytta kaia mot at dei tok ansvar med tilsyn m.m. Dette ansvaret vart sett til sides i den perioden Os Skog hadde leigeavtale med kommunen, og dei har i dag ikkje noko ansvar for tilsyn m.m. . Con-Form har heile tida hatt tilgang til å nytta kaia til sin verksemd. Ein føresetnad for leigeavtale med Vestskog er at interessene til Con-Form må ivaretakast. Dei opplyser på telefon at dei bruker kaien ca. 1 gong annakvar månad og at dei kan gje varsel 14 dagar på førehand. Evt. spørsmål til firma, ring Hisdal på 56588105.

Samnanger kommune legg til grunn for samarbeidet vårt avtalen Vestskog har med Granvin kommune. Det inneber ein pris på kr 7,- pr m3 og ein avtale for 1 år. Sikring av andre aktørar sin bruk vert teke inn som eige punkt i avtalen.

Eg oversender utkast til avtale. Eg ser at det haster på tida sidan de alt vil koma i gang denne veka.

Dersom de ikkje har merknader til avtalen, kan de rekna den som inngått ved at de signerer den og sender den attende til kommunen. Det er eit ynskje frå mi side om at det vart føreteke ein felles synfaring før de tek kaien i bruk. Eg vil be om at de kontaktar teknisk drift v. Endre Kulleseid (tlf 47468596) for avtale om synfaring.

Som de er kjend med har Samnanger kommune avslutta eit tidlegare leigetilhøve, men tidlegare leigetakar er ikkje samd med kommunen på fleire punkt. Samnanger kommune har ved skriv meldt frå om at me no inngår leigeavtale med ny leigar og at me forventar at den vert respektert. Skulle det imidlertid oppstå problem, ber me om å verta varsla om det.

Me ser fram til eit godt samarbeid, noko som m.a. krev at Vestskog legg vekt på å halda området ryddig og at ein er fleksibel med å la andre næringslivsaktørar bruka kaien.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Vedlegg:

Avtale om leige av Rolvsvåg kai

Kopi til:

Kulleseid, Endre; Lønningdal, Ragnhild; Våge, Hilde-Lill



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2016/97-13
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	42/16	14.11.2016

Klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak - ny handsaming

Bakgrunn

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok 06.06.16 henvending frå leiar for grunneigarane i Aldselva kraftverk, John Haukenes, med følgjande overskrift: «*Vi ber kontrollutvalet om å granske feilene begått av Samnanger kommune ved behandlingen av anken av NVE's konsesjonsvedtak til Aldselva kraftverk 201104255-42.*» Sekretariatet sende svar tilbake med stadfesting om at henvendinga var motteke, at dokumenta var gjennomgått og drøfta av kontrollutvalsleiar, nestleiar i kontrollutvalet og sekretariatet. Vidare vart det gjeve melding om at saka vert å leggja fram på kontrollutvalet sitt neste møte, 15.09.16.

Det har vidare kome nye opplysningar i saka i løpet av sommaren. For å få eit bilde om bakgrunnen for saka, kva henvendinga til kontrollutvalet gjeld, og kva kontrollutvalet bør drøfta, meiner sekretariatet det er føremålstenleg å lage eit kronologisk oversyn om kva som har skjedd i saka. Nokre av dokumenta vil bli lagt som vedlegg i saka – sjå vedleggsoversikt til slutt i saksframlegget. Dei øvrige dokumenta vil bli teke med til møtet og kan leggest fram til gjennomgang om kontrollutvalet ønskjer det.

Kva har skjedd i saka:

02.05.2016: «*Oversendelse av NVE's vedtak om tillatelse til kraftverk i Aldselva i Samnanger kommune.*»

12.05.2016: Kommunestyremøte der meldinga frå NVE vart lagt fram som orientering/melding. I møteprotokollen er ført: «*Aldselva kraftverk – vedtak frå NVE (brev datert 02.05.16) – kommunestyret vart samde om at kommuneadministrasjonen skulle be om å få forlenga klagefristen. I same brev skal ein minna NVE om gjeldande vedtak frå Samnanger kommunestyre sak 075/12.*»

23.05.2016: Møte i valstyret i Samnanger kommune, som er identisk med formannskapet. Protokollen etter dette møtet viser ikkje at konsesjonssaka har vore drøfta politisk her.

24.05.2016: Rådmann sender brev til NVE vedr. «*Aldselva kraftverk – anke frå Samnanger kommune på vedtak. NVEs referanse: 201104255-42.*»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

30.05.2016: Grunneigarane i Aldselva kraftverk sender brev til kommunestyret: «*Spørsmål til Samnanger kommunestyre angående rådmannen sin anke av NVE's konsesjonsvedtak til Aldselva kraftverk, fer. 201104255-42.*» - sjå vedlegg til denne saka.

31.05.2016: Grunneigarane i Aldselva kraftverk sender nytt brev til kommunestyret: «*Informasjon til Samnanger kommunestyre angående delegert behandling av anke på NVE's konsesjonsvedtak til Aldselva kraftverk, ref. 201104255-42.*» I brevet vert det peika på kva som står i Samnanger kommune sitt delegasjonsreglement om konsesjonssaker. – også dette brevet vert lagt som vedlegg til denne saka.

02.06.2016: Kommunestyremøte der brev frå rådmann til NVE datert 24.05.16 vart lagt fram under «Oversikt delegerte vedtak / referatsaker som er meldt opp til møtet.». Frå møteprotokollen viser det at det kom nokre merknader som er ført under «orienteringar/meldingar»:

«Konsesjon - Aldselva kraftverk

Øyvind Strømmen (MDG) meinte at dette burde vore oppe som politisk sak.

Vidar Tveiterås (A) lurte på kvifor kommunen har sendt ein anke på konsesjonsvedtaket til NVE og ikkje ein førespurnad om å få utsett klagefrist slik kommunestyrerepresentantane vart einige om i møtet 12.05.2016.

Tone Ramsli (rådmann) fortalte at administrasjonen saman med ordførar og gjennom kontakt med NVE vurderte det slik at kommune skulle senda ein klage i staden for å be om utsett klagefrist.

Dette vart representantane i formannskapet orientert om 16.05.2016. Dei hadde ingen merknader til dette.

Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig) forlanga at klagen vert tilbaketrekt før neste kommunestyremøte. Han understrekte at i følgje delegeringsreglementet til Samnanger kommune det berre kommunestyret som kan uttala seg i slike saker.»

Vidare viser møteprotokollen at «*Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.*»

06.06.2016: Grunneigarane i Aldselva kraftverk sender brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune: «*Vi ber kontrollutvalet om å granske feilene begått av Samnanger kommune ved behandlingen av anken av NVE's konsesjonsvedtak til Aldselva kraftverk 201104255-42.*» Det er sendt svar tilbake om at saka vil bli teke opp på møte i kontrollutvalet 15.09.16. (vedlegg til saka).

Kva har skjedd vidare i saka:

01.07.2016: Mail frå sakshandsamar i NVE, Finn Roar Halvorsrud, til Samnanger kommune v/postmottak. – kopi av mailen ligg som vedlegg.

21.07.2016: Mail tilbake til sakshandsamar hjå NVE, frå rådmann: «*Aldselva kraftverk – vedrørende klage på vedtak.*». – kopien av mailen ligg som vedlegg.

01.09.2016: Til formannskapet sitt møte 01.09.16 ligg det føre sak 046/16 – «*Samnanger kommune si klage på vedtak i NVE om løyve til konsesjon Aldselva kraftverk.*». Det er mogleg å gå inn på heimesida til Samnanger kommune for å sjå korleis saka er framlagt, og kva vedlegg som følgjer saka. Det er ikkje gjort framlegg til vedtak i saka. Sekretariatet vil freiste å få vedtak som vert fatta tilsendt før utsending av innkalling til kontrollutvalet sitt møte.

28.08.2016: Ut frå at saka vert lagt fram for formannskapet i møte 01.09.16 er det kome ny henvending frå grunneigarane i Aldselva kraftverk. 28.08.16 mottok sekretariatet mail der ulike problemstillingar i saka vert teke opp av grunneigarane. Mellom anna vert det stilt spørsmål til habiliteten til mange personar som har vore med og handsame saka, både frå administrasjonen og politikarar. Som grunngeving for påstandane om habilitet som vert sett fram er det lagt ved dokumentasjon i form av kopi av grunnboksutskrifter, rettsbok frå jordskifterett mm. Desse vedlegga vert ikkje sendt ut i samband med saka, men mail frå grunneigarane datert 28.08.16 ligg som vedlegg.

I kontrollutvalet sitt møte 15.09.16 vart saka handsama, og følgjande er ført i protokollen:

«Handsaming i møtet:

Ordførar var med under handsaminga. Han orienterte til kontrollutvalet om handsaming i formannskapet sitt møte 01.09.16, og at saka skal leggest fram for kommunestyret 29.09.16. Ulike spørsmålstillingar som er reist i henvendingane som er kome til kontrollutvalet vart drøfta. Særleg spørsmål om habilitet vart drøfta, men og kva som er rolla til kommunestyret, rolla til administrasjonen og rolla til kontrollutvalet.

Konklusjonen etter drøftinga vart at kontrollutvalet vil utsetja saka til etter at kommunestyret har handsama den 29.09.16, og så ta den opp til ny vurdering på sitt neste møte. Sekretariatet vert bede om å senda melding om dette til grunneigarane i Aldselva kraftverk. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Saka vert utsett og vert å ta opp til ny handsaming i kontrollutvalet sitt neste møte.»

Ny handsaming av saka i kontrollutvalet sitt møte 14.11.16:

Saka vert såleis lagt fram på nytt. Same saksframlegg som til møte 15.09.16 vert lagt fram. Handsaminga som har vore i formannskap (01.09.16) og kommunestyre (29.09.16) vert lagt som nytt vedlegg, ellers ligg vedlegga i saka som til kontrollutvalet sitt møte 15.09.16.

Drøfting

Saka vert med dette lagt fram for kontrollutvalet til ny drøfting. Oppsummeringa over og vedlegg som følgjer saka vil vera grunnlag for drøftinga. Om det er ønske å sjå nærare på andre dokument enn vedlegga som følgjer, så vil desse bli lagt fram i møtet og kan gjennomgåast då, evt. ettersendast.

Det vert rådd til at kontrollutvalet drøftar om utvalet skal gå vidare og sjå nærmare på saka. Kontrollutvalet bør drøfta måten saka er handsama på, om det kan vera avvik i høve til regelverk for sakshandsaming, og om det kan vera fare for brot på delegasjonsreglement. Ein bør og drøfte om ein skal undersøke om regelverk for habilitet er følgd.

Dersom kontrollutvalet, ut frå drøfting, finn at det er rett å gå vidare med saka, vert det rådd til at ein ber revisor om å gjera ei gjennomgang av spørsmålsstillingar som utvalet ønskjer svar på.

Kontrollutvalet må og sjå på kva ressursar ein har til disposisjon. Kor mykje som kan vera disponibelt vil bli orientert om i møte.

Konklusjon

Sekretariatet legg på denne måten fram saka til ny drøfting, i tråd med vedtak i kontrollutvalet 15.09.16. Saka vert lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

1. Henvending til kontrollutvalet frå grunneigarane i Aldselva kraftverk, datert 06.06.16
2. Henvending til Samnanger kommunestyre frå grunneigarane, datert 30.05.16
3. Henvending til Samnanger kommunestyre frå grunneigarane, datert 31.05.16
4. Mail frå NVE til postmottak Samnanger kommune, datert 01.07.16
5. Svar frå rådmann til NVE, datert 21.07.16
6. Henvending frå grunneigarane i Aldselva kraftverk vedr. habilitet i saka, datert 28.08.16.
7. Utdrag frå møteprotokoll frå kommunestyret sitt møte 29.09.16.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune
Tyssevegen
5650 Tysse

Kopi:
Utvalgsleder Brigte Olav Gåsdal
Sekreter Kari Nygård

Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk
John Haukenes
Haukanesvegen 125
5652 Årland

06.06.2016

**VI BER KONTROLLUTVALGET OM Å GRANSKE FEILENE BEGÅTT AV
SAMNANGER KOMMUNE VED BEHANDLINGEN AV ANKEN AV NVE'S
KONSESJONSVEDTAK TIL ALDALSELVA KRAFTVERK 201104255-42**

Samnanger kommune mottok konsesjonsvedtaket den 2.5.2016. de hadde 21 dager på seg til å behandle eller be NVE om utsettelse på klagefristen.

Administrasjonen i Samnanger kommune informerte ikke om konsesjonsvedtaket, før det ble lest opp som en informasjonssak på kommunestyremøtet den 12.5.2016.

Ordføreren, Rådmannen og Varaordføreren (Øyvind Røen som er inhabil pga at han eier eiendommen 1242/19-3 som innbefatter skog i felles utmark ved Fitjavatnet som er inntaksmagasinet til Aldalselva kraftverk), forsøkte så å få kommunestyret til å stemme for å sende inn en klage til NVE, uten saksbehandling eller kjennskap til innholdet i konsesjonsvedtaket.

Se link på [YouTube](#). I møtereferatet fra møtet står det at det var enighet om at Rådmannen skulle be NVE om utsettelse på klagefristen og at høringsuttalelsen til Samnanger kommune skulle legges ved.

Etter utgått klagefrist, den 24.5.2016 tok Rådmannen seg til rette og sendte en anke på konsesjonsvedtaket til NVE, uten forankring i formelt vedtak i kommunestyre.

I følge § 1.1.09 i Delegasjonsreglementet til Samnanger kommune er det bare kommunestyret som kan behandle konsesjonssaker.

Det kan kun delegeres til personal og økonomiutvalget (nå formannskapet) hvis verdiene er under 1 mill. kr. Aldalselva kraftverk har betraktelig større verdi enn grense for delegasjon.

Den 2.6.2016 holdes det et nytt kommunestyremøte hvor anken blir presentert for kommunestyret som en delegerte vedtak/referatsak. Se link på [YouTube](#).

Flere av kommunestyre medlemmene protesterte på "saksbehandlingen" og det ble reist krav om at anken skulle trekkes tilbake.

For å vise alvoret i saken, vi vil gjøre kontrollutvalget oppmerksom på at handlingen til Samnanger kommune, kan medføre at vi mister vinduet for å få elsertifikater på Aldalselva kraftverk. Dvs. at de impliserte i saken kan koste oss et tap i størrelsesorden 40-50 mill. kr.

Vi ber kontrollutvalget om at lovligheten av anken blir vurdert, og at habiliteten til representantene som stod bak innsendingen av anken blir vurdert.

Med vennlig hilsen
Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk



John Haukenes

Vedlegg:

1. moeteinnkalling_ks_2_juni_2016
2. delegasjonreglement_samnanger_kommune_2003
3. 2016.05.31 INFORMASJON TIL SAMNANGER KOMMUNESTYRE ANG...
4. 2016.05.30 SPØRSMÅL TIL SAMNANGER KOMMUNESTYRE ANG...
5. 2016.05.24 Aldalselva kraftverk - anke frå Samnanger kommune på vedtak . NVEs refe...
6. moeteprotokoll_val_23_mai_2016
7. moeteprotokoll_ks_12_mai_2016
8. 2016.05.02 Oversendelse av vedtak - Aldalselva kraftverk med vedlegg 201104255-42

Samnanger Kommunestyre
Tyssevegen
5650 Tysse

Kopi til NVE

Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk
John Haukenes
Haukanesvegen 125
5652 Årland

30.05.2016

SPØRSMÅL TIL SAMNANGER KOMMUNESTYRE ANGÅENDE RÅDMANNEN SIN ANKE AV NVE'S KONSESJONSVEDTAK TIL ALDALSELVA KRAFTVERK, REF.201104255-42.

Vi har mottatt en kopi av Rådmannen sin anke og er svært forundret over grunnlaget og begrunnelser i anken hun har sendt til NVE.

Rådmannen begrunner innsendelsen av anken til NVE med at *"Samnanger kommune ønsker å klage på vedtaket frå NVE. Pga. kort ankefrist er klagen ført i pennen av rådmannen, men saka er diskutert politisk"*.

1. Når ble dette diskusjonsmøtet avholdt, dato, klokkeslett og sted?
2. Hvem var med på dette møtet?
3. Hvor er saksnummeret og vedtaket for å sende anken? Vi ber om å få tilsendt en kopi av møtoreferatet og hele beslutningsgrunnlaget for anken.
4. Konsesjonsvedtaket ble sendt elektronisk fra NVE den 2.5.2016 og klagefristen var 21 dager, hva er årsaken til at Samnanger kommune ikke rakk å be NVE om en utsettelse på klagefristen?
5. Ved saksbehandlingen av høringsuttalelsen under konsesjonsbehandlingen av Aldalselva kraftverk, søkte og fikk Samnanger kommune en slik utsettelse av NVE. Har Samnanger kommune en plausibel forklaring på hvorfor de ikke søkte om en utsettelse på klagefristen?

Rådmannen viser til to primærgrunner for å anke vedtaket til NVE.

Hun skriver at **friluftinteressene** ikke er grundig nok kartlagt og påstår at *"NVE har lagt forklaringa frå søkjar til grunn for vedtaket. Dette meiner me ikkje er godt nok, og me krev at NVE på sjølvstendig grunnlag får kartlagt situasjonen."*,

På side 37 i konsesjonsvedtaket som rådmannen refererer til, skriver NVE følgende; *"Når det gjelder friluftslivet i det berørte området er det noe uenighet mellom søker og høringspartene. Flere av høringspartene anser området rundt Fitjavatnet som et viktig lokalt friluftslivsområde, både til rekreasjon, mosjon og jakt. De fleste uttrykker også bekymring over hvilken effekt den planlagte reguleringen av Fitjavatnet vil ha på opplevelsen av området, og også muligheten til å kunne bruke stien som går rundt vannet når vannstanden er på HRV."*

Søker sier i sine kommentarer at reguleringen ikke vil overstige dagens normalvannstand og vil mesteparten av året ligge på denne vannstanden. I følge søkers målinger er denne vannstanden på kote 335,1. Søker mener derfor at dagens inntrykk og bruk av området vil bli lite påvirket av en utbygging.

NVE registrerer at det er stor uenighet om de faktiske forholdene ved dagens egenregulering i vannet. Flere av høringspartene sier de ikke kjenner igjen beskrivelsen av egenreguleringen av vannet, og noen tviler på grunnlaget til høydemålingene av vannstanden. Søker hevder på sin side at en kjøring av kraftverket som forespeilet i søknaden kun vil føre til små forskjeller mellom dagens vannstandsvariasjoner og variasjonene ved en regulering.

Vi registrerer at det i mindre grad er motstand mot at vannet reguleres med 1,1 meter som omsøkt, men at bekymringene som er nevnt er knyttet til hva som blir høyeste regulerte vannstand. I vår vurdering har vi lagt vekt på søkers opplysning om at vannstanden ikke skal overstige det som er vanlig flomvannstand i dag. Søker har satt den til kote 336. Slik NVE vurderer det vil reguleringen da ikke gi særlige ulemper for hytteeiere rundt vannet.

Med tanke på topografien rundt Fitjvatnet, og særlig det trange utløpet til Aldalselva, mener NVE at det kan være fordeler knyttet til en regulering. Ved rett utforming av overløpet på inntaksdammen vil det kunne bedre utløpskapasiteten fra Fitjvatnet. Det igjen vil kunne dempe de største flomtoppene, kombinert med at noe av vannet går til kraftstasjonen. NVE mener temaet ikke er avgjørende for konsesjonsspørsmålet."

NVE har i "Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven", på side 41, tatt høyde for at HRV og LRV kan tilpasses dersom nye målinger viser andre høyder.

" NVE fastsetter at Fitjvatnet kan reguleres mellom HRV på 336 moh, og LRV på 334,9 moh. Regleringshøyden kan utnyttes hele året, men med jevne tappinger.

Vi legger til grunn at kotehøyder kan endres dersom nye målinger viser andre høyder. Vi har i vurderingen lagt til grunn at vannet kan reguleres med totalt 1,1 meter, med 0,9 meter opp fra normalvannstanden. Vi har også merket oss at Aldal Kraft AS i vanlig drift skal holde vannstanden noe under HRV for å kunne fange opp mindre flommer."

Hva er det i konsesjonsgrunnlaget til NVE som "ikkje er godt nok"?

Neste ankepunkt fra Rådmannen er; " Samnanger kommune er vidare bekymra for kva konsekvensar ei utbygging som tilrådd vil få for drikkevassforsyninga ".

Videre siterer Rådmannen en merknad fra Næringsmiddeltilsynet, nå Mattilsynet datert 20.02.2002:

" Før Samnanger kommune gjev vassverket endeleg godkjenning etter drikkevassforskrifta må fylgjande punkt løysast:

Nedslagsfeltet må tryggast for å hindra fare for forureining av drikkevatnet. (Klausulering av nedslagsfeltet, som hindrar hyttebygging, organisert beiting, leirplassar, anleggsdrift med meir)"

Rådmannen forteller ikke at Samnanger kommune, dagen etter at de mottok brevet fra Næringsmiddeltilsynet, vedtok følgende:

" MELDING OM POLITISK VEDTAK. HOVUDPLAN FOR VASVERK - SAMNANGER KOMMUNE

Me melder med dette frå at Kommunestyret den21.02.02hadde føre følgande sak: 0007102.

Det vart gjort slikt vedtak:

Plan for vassrensaneanlegg i Myra i Samnanger kommune dagsett 080202 vert godkjend.

Vedtaket er under føresetnad av at tilsynsmynde ikkje har merknader."

Samnanger kommune har ikke gjort noen tilnærming ovenfor grunneierne, angående restriksjoner på rettigheter eller erstatninger for gjennomførte tiltak i kommunal regi i forbindelse med vannforsyningen til Samnanger kommune. De tatt seg til rette på annen manns grunn, uten tillatelse og uten å gjøre opp for seg. Kommunen eier ikke en gang grunnen under inntakshuset som de bygde oppe ved Fitjavatnet.

I møte til Personal og økonomiutvalget i Samnanger kommune 10.06.2002 er en sak om et erstatningsoppgjør i forbindelse med vannverket hemmeligstemplet;

"0033/02 98/00793 **Unntatt offentlighet §5A**
HOVUDPLAN VASSVERK - SAMNANGER KOMMUNE- ERSTATNING TIL GRUNNEIGAR"

Etter gjentatte forsøk fra grunneierne på å komme i gang med forhandlinger om klausulering og ekspropriasjonsgrunnlaget for rettighetene i nedslagsfeltet, fikk vi til slutt et brev fra Teknisk sjef i Samnanger kommune den 14.12.2010. Her står det følgende;

"Ekspropriasjon:

Hovudvassverk for Samnanger har installert fullreinseanlegg med kjemisk felling og UV-desinfeksjon. Det er såleis etablert to tekniske barrierar. Dette kravet var ikkje med i starten av planlegginga og derfor var spørsmål om restriksjonar i nedslagsfeltet sentralt. Slik Samnanger Kommune og Mattilsynet vurderer situasjonen vil dagens aktivitet i nedslagsfeltet vera akseptabel. Jmf. Vedlagde skriv frå Mattilsynet.

Området er gjennom kommuneplanen bandlagt som drikkevasskjelde, og det er lagt ned forbod mot ny byggjeaktivitet i det same nedslagsfeltet. Det skal nemnast at i kommunen sin arealplanen er det med få unntak lagt ned byggjeforbod i denne type område i heile kommunen areal over tregrensa/i fjellområde - . Om andre restriksjonar skal gjelde, vert ikkje klarlagt før revidert kommuneplan føreligg i 2012.

På grunnlag av overnemnde betraktningar vil Samnanger Kommune ikkje ekspropriera området. Det er soleis ikkje behov for drøftingar omkring dette. Når det gjeld skilting av området vil Samnanger Kommune forestå dette arbeidet.

Me nyttar høve til å ynskje ein god jul !"

Sitat frå Rådmannens anke:

"Samnanger kommune har arealdelen av kommuneplanen til rullering med sikte på å få den vedteken innan utgangen av 2016. I den samanheng arbeider kommunen aktivt for å skjerpa krava i høve klausulering av nedslagsfeltet og hindra aktivitet som kan forringa vasskvaliteten."

Det ser ikke ut til at Rådmannen i Samnanger kommune besitter den samme kunnskapen om vannforsyningen eller klausulering i nedslagsfeltet som Teknisk sjef i kommunen.

Avslutningen til Rådmannen:

"Kommunen meiner primært at det ikkje skal gjevast løyve til dam som gir hove til magasinering av vatn med dei ulempene dette fører til for drikkevassforsyninga og friluftsføremål. Dersom NVE vel å gi løyve til oppføring av dam, må det i vilkåra for konsesjonen sikrast at flaumvasstanden ikkje vert høgare enn han er i dag. Uansett meiner Samnanger kommune at det må gjennomførast nye kartleggingar av dei omtala punkta før det vert gitt konsesjon."

Fra side 43 i forutsetninger for konsesjonsvedtaket til NVE:

"Inntaksdammen skal plasseres i tråd med det som er oppgitt av søker i brevet om justert inntaksplassering, men nøyaktig plassering kan justeres ved detaljplan. Inntaket skal bygges slik at det blir minst mulig synlig i landskapet. Inntaksdammen må heller ikke forverre dagens flomforhold i Fitjavatnet."

Det er ikke lett å finne en rød tråd i argumentasjonen eller påstandene til Rådmannen. NVE har gitt en konsesjon og NVE har tatt stilling til ankepunktene som Rådmannen fremsetter. At Rådmannen ikke er enig i andres konklusjoner og vedtak, skal ikke ha noen betydning for saken.

Ole Brumms filosofi om "ja takk, begge deler" klaffer ikke alltid. Skal Fitjavatnet være et prioritert friluftsområde, eller er området nedslagsfeltet til drikkevannskilden Fitjavatnet som skal båndlegges og klausuleres strengere i en ny arealplan?

Det er vanskelig å omforene de to primære ankepunktene til Rådmannen.

At Samnanger kommune ikke er blitt hørt under konsesjonsbehandlingen er heller ikke riktig. Etter høringsuttalelsene fra Samnanger kommune, Fylkesmannen og Mattilsynet, har grunneierne endret på inntaksløsningen oppe ved Fitjavatnet. Vi har flyttet inntaksdemningen nedstrøms i Aldalselva, ved å gå med et horisontalt borehull under Myrland og Hildersmark. Dette medfører at det blir ingen demning(er), rørgate eller veibygging i nedslagsfeltet til Fitjavatnet i forbindelse med etableringen av Aldalselva Kraftverk.

Vi ber om at politikerne i Samnanger vurderer hva NVE faktisk har gitt konsesjons til, og at dere på dette grunnlag trekker anken som var ført i pen av Rådmannen.

Vi er også bekymret for at administrasjonen ved Rådmannen tar seg til rette og sender en anke på et konsesjonsvedtak administrativt. Vi mener Rådmannen burde ha bedt om en utsettelse på klagefristen, slik at kommunestyret som besluttsende organ, hadde fått anledning til å behandle saken korrekt.

Vi ber om at kommunestyret vurderer alvoret i denne saken, og vurderer eventuell irettesettelse av Rådmannen.

Med vennlig hilsen
Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk



John Haukenes

Vedlegg:

2016.05.24 Aldselva kraftverk - anke frå Samnanger kommune på vedtak . NVEs refe...

2016.05.02 Oversendelse av vedtak - Aldselva kraftverk med vedlegg 201104255-42

2010.12.14 Skriv_om_rettar_i_nedslagsfeltet

2010.11.03 Dok. på Samnanger Vassverk Tysse fra Mattilsynet

2002.06.10 SAK 033-02 Vassverk- erstatning - untatt offentlighet – motebokpers

Samnanger Kommunestyre
Tyssevegen
5650 Tysse

Kopi til NVE

Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk
John Haukenes
Haukanesvegen 125
5652 Årland

31.05.2016

**INFORMASJON TIL SAMNANGER KOMMUNESTYRE ANGÅENDE DELEGERT
BEHANDLING AV ANKE PÅ NVE'S KONSESJONSVEDTAK TIL ALDALSELVA
KRAFTVERK, REF.201104255-42.**

Vi ser i møteinnkallingen til kommunestyremøte 2.6.2016 at Rådmannens anke blir beskrevet som et delegert vedtak. I følge Samnanger kommunes delegerings reglement, kan ikke behandlingen av et konsesjonsvedtak fattet av NVE delegeres til Rådmannen.

Samnanger kommunes Delegeringsreglement datert 20.02.2003:

"§ 1.0 Overordna mynde. Kommunestyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile verksemda til kommunen. Kommunestyret skal på grunnlag av prinsipp og temadebattar velja satsingsområde og prioritera tiltak.

*§ 1.1 Saker kommunestyret avgjer sjølv. Kommunestyret tek sjølv avgjerd i desse sakene:
1.1.09 Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi. Slike saker er likevel delegerte til personal- og økonomiutvalet når verdien det er tale om er lågare enn kr. 1 mill."*

Vi gjør herved kommunestyret oppmerksom på at skatteinntektene til Samnanger kommune fra Aldalselva kraftverk, vil ligge i underkant av 0,5 mill. kr pr. år. Investeringene på rundt 60 mill. kr vil kunne bidra til sysselsettingen lokalt på Vestlandet.

Vi gjentar bekymringen for at Rådmannen tar seg til rette på vegne av kommunestyret og sender en anke på et konsesjonsvedtak som et delegert vedtak. Rådmannen burde bedt om en utsettelse på klagefristen, slik at kommunestyret hadde fått anledning til å behandle saken i henhold til gjeldene regler.

Vi ber om at kommunestyret vurderer alvoret i denne saken, og vurderer eventuell irrettesettelse av Rådmannen.

Med vennlig hilsen
Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk



John Haukenes

Vedlegg:
delegasjonreglement_samnanger_kommune_2003
moeteinnkalling_ks_2_juni_2016
moeteprotokoll_ks_12_mai_2016

Fra: Halvorsrud Finn Roar
Sendt: 01.07.2016
Til: Postmottak
Kopi:
Emne: Aldselva kraftverk - vedrørende klage på vedtak

Fra: Halvorsrud Finn Roar [firh@nve.no]
Sendt: fredag 1. juli 2016 11:59
Til: Postmottak
Emne: Aldselva kraftverk - vedrørende klage på vedtak

Til rette vedkommende,

Det vises til brev fra kommunen sendt 24.05.2016, med tittelen «Aldselva kraftverk - anke frå Samnanger kommune på vedtak. NVEs referanse:201104255-42».

Brevet er sendt fra rådmannen i kommunen. Det følger av kommuneloven § 6 at det er kommunestyret som treffer vedtak på vegne av kommunen «så lagt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak». Hverken kommuneloven eller energiloven gir noen myndighet til rådmannen til å påklage vedtak på vegne av kommunen.

I kommunens delegasjonsreglement § 10.0 står det at kommunestyret gir adm. sjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikke har prinsipiell verdi jf. kommuneloven § 23, 4. pkt. Man må ifølge forarbeidene til bestemmelsen se på vedtakets karakter, og i hvilken utstrekning de viktigste skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruks eller tidligere praksis.

På denne bakgrunn mener NVE det kan stilles spørsmål ved om rådmannen hadde myndighet til å påklage NVEs vedtak. NVE kan ikke se at saken har blitt behandlet politisk, jf. kommunestyrets møteprotokoll av 12.5.16 og møteinnkalling av 2.6.16. I klagen fra rådmannen står det at saken har vært diskutert politisk. For øvrig kan ikke NVE se at rådmannen hverken er delegert myndighet eller har fått noen instruks fra politisk hold for å sende inn klagen.

NVEs foreløpige konklusjon er at den dokumentasjon som foreligger i saken ikke gir grunnlag til å slå fast at rådmannen hadde myndighet til å sende inn klagen på veien av kommunen. For å kunne avgjøre om klagen skal avvises eller ikke, ber NVE derfor kommunen om å sende inn dokumentasjon på at kommunestyret eller ordføreren har instruert rådmannen til å sende inn klagen.

I tillegg vil NVE bemerke at klagen fra Samnanger kommune kom inn etter at klagefristen var utløpt. Vi vil derfor opplyse om at klagen kan bli avvist på dette grunnlaget alene, selv om klagen som ble sendt inn var delegert på en korrekt måte.

Med vennlig hilsen

Finn Roar Halvorsrud

Overingenior

Konsesjonsavdelingen

Seksjon for vassdragskonsesjon

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 09575 eller direkte: 22959853

E-post: nve@nve.no <<mailto:h@nve.no>> eller direkte: firh@nve.no <<mailto:h@nve.no>>

Web: www.nve.no <[blocked::http://www.nve.no/](http://www.nve.no/)>



NVE v/ Finn Roar Halvorsrud

Vår referanse:
12/509/16/5820/ASK/TR

Arkivkode:
FA-S11

Dykkar referanse:

Dato:
21.07.2016

ALDALSELVA KRAFTVERK - VEDRØRENDE KLAGE PÅ VEDTAK

Me viser til e-post frå dykk av 1.7.2016 der de stiller spørsmål ved rådmannen i Samnanger sine fullmakter til å sende inn klage på vegne av kommunen. Klagen gjeld NVE sitt vedtak/tilråding om å gje konsesjon til utbygging av Aldalsvassdraget. I skrivet viser de til at det ikkje går fram av kommunen sitt delegeringsreglement at rådmann har fullmakt til å opptre på vegne av kommunen i denne saka. De ber om tilbakemelding frå kommunen på situasjonen.

I delegeringsreglementet er det som de påpeiker gitt ei generell delegering til rådmannen til å uttale seg i kurante saker. Som eg seinare i dette skrivet vil vise har det vore m.a. ordførar si oppfatning at den aktuelle klagen er å sjå på som kurant fordi den berre omfattar dei same momenta som kommunestyret i si tid fatta vedtak om.

Eg vil kort gjera greie for situasjonen i forkant av at klagen vart sendt.

- Samnanger kommune mottok melding om vedtak om at det er gitt konsesjon ved e-post sendt frå NVE 02.05.2016. Den er ført inn i sakshandsamarsystemet vårt den 3.5.2016
- Rådmannen orienterer ordførar om vedtaket i NVE.
- Ordførar informerer kommunestyret i møtet den 12.5.2016 om vedtaket i NVE under skriv og meldingar, og han gir uttrykk for at Samnanger kommune må klage på vedtaket, og at klagen bør baserast på det tidlegare vedtaket frå kommunestyret. Han inviterer til ein debatt om korleis kommunen skal gå fram i høve til klagen. Rådmannen konkluderer frå talarstolen med at kommunestyret ønskjer at kommunen skal klage på vedtaket, i alle fall at kommunen må be om å få utsett klagefrist slik at det mogleg å inngje klage. Då det ikkje er sikkert at det vert gitt utsett, skal Samnanger kommunestyret sitt tidlegare standpunkt påpeikast til NVE. I protokollen frå kommunestyremøtet den 12.05.2016 står fylgjande:
- Aldalselva kraftverk – vedtak frå NVE (brev datert 02.05.16) -kommunestyret vart samde om at kommuneadministrasjonen skulle be om å få forlenga klagefristen. I same brev skal ein minna NVE om gjeldande vedtak frå Samnanger kommunestyre, sak 075/12.
- Rådmannen tar kontakt på telefon med NVE – Halvorsrud – og spør m.a. om det er mogleg å få utsett frist. Svaret på dette er vagt, og det vert konkludert i samtalen med at kommunen også bør påpeike at ein er usamd med vedtaket – dvs. sette fram ein klage og ikkje berre be om utsett frist.

- I arbeidet med brevet til NVE vurderer rådmannen det slik at det er vanskeleg å lage ei skikkeleg saksutgreiing til politisk handsaming i kommunestyret den 23.6.2016 som realistisk vil vera den fristen me vil få dersom me vil få utsett frist. Det vert derfor laga eit utkast til brev til NVE som er formulert som ein klage og der det ikkje vert bedt om utsett frist. Klagen inneheld ikkje nye moment i høve til kommunen sin uttale i høyringsrunden, dvs. at klagen er basert på eit politisk vedtak i kommunestyret. Ordføraren er samd i denne framgangsmåten.
- I samband med at formannskapet var samla til møte i valstyret den 23.05.2016, informerer rådmannen dei om korleis ein planlegg å ta saka vidare, dvs. ikkje søkje om utsett frist. Dei vart vidare orientert om innhaldet i klagen som går etter to punkt – omsyn til vassverket og omsyn til friluftsiinteressene - . Ein representant gir melding om at ho ikkje meiner noko i saka då ho er ugild. Dei andre ga – slik rådmannen oppfatta det - si tilslutning til framgangsmåten.
- Klage vart sendt på e-post til NVE 24.05.2016,

Det påpeiker til slutt i skrivet dykkar at klagen dessutan kom for seint inn og av den grunn kanskje ikkje vert teken til vurdering. Til det er å merka at kommunen mottok e-post frå NVE 2.5.2016, og den er ført inn i vårt sakshandsamingssystem og dermed gjort kjend for sakshandsamar 3.5.2016. Me sendte skrivet vårt den 24.05.2016 . NVE v. Halvorsud var gjennom telefonsamtale med rådmannen kjend med at kommunen kom til å sende ein klage/førespurnad om utsett klagefrist.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Kopi til:

Froland, Knut Harald; fungerande ordforar Øyvind Roen

Kari Marie Nygard

Fra: John Haukenes <john.haukenes@gmail.com>
Sendt: 28. august 2016 20:41
Til: Tone Ramsli; Samnanger kommune; Brigte Olav Gåsdaal; Kontrollutvalet - Postmottak; Kari Marie Nygard; Halvorsrud Finn Roar
Kopi: Einar Sofienlund; Halldor Trengereid; John Røsseland
Emne: Re: møte i formannskapet
Vedlegg: Jordskiftesak Haukanes gnr.23 - 1200-2008-0039-rettsbok.pdf; 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-3.pdf; 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-21-1.pdf; Rødne Samdrift DA - Kunngjøring - Brønnøysundregistrene 21.08.2015.pdf; 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-4.pdf; 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-20-6.pdf; 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-1.pdf; 2016.06.06 E-post til kontrollutvalget.pdf; 2016.09.01 Møteinnkallelse til formannskapet side 1-5.pdf

Til informasjon

Leser til stor forundring saksfremlegget til ordfører Knut Harald Frøland, hvor han påstår at jeg har henvendt meg "*først til kommunen v. ordføreren og seinare til kontrollutvalet*". Påstanden hans medfører ikke riktighet. Jeg har ikke sendt noen henvendelse til Samnanger kommune v. ordfører, e-posten var sendt til kommunens postmottak og adressert til kontrollutvalget i kommunen.

Se vedleggene: "2016.09.01 Møteinnkallelse til formannskapet side 1-5" og "2016.06.06 E-post til kontrollutvalget"

Aktørene som stod bak rådmannens anke har tydelig demonstrert at de mangler kunnskap eller respekt for Kommuneloven, Forvaltningsloven, Energiloven og kommunes delegasjonsreglement.

De samme aktørene kan ikke lede eller ha befatning med en granskning av brudd på lovverk, formelle feil eller ta stilling til habilitetsproblematikken i "saksbehandlingen" som de selv er ansvarlig for.

Inhabile i Samnanger kommune i denne saken.

Ordfører Knut Harald Frøland er inhabil da det er han som var leder for "saksbehandlingen" av konsesjons vedtaket.

Rådmann Tone Ramsli som sendte anken er inhabil, som igjen medfører at hele administrasjonen i Samnanger kommune blir inhabile.

Varaordfører Øivind Røen er inhabil. Han er part i saken som eier av Nordvik Gnr.19 Bnr.3 som eier skog i felles utmark ved Fitjavatnet.

Se vedlegg: "

2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-3" og "

Jordskiftesak Haukanes gnr.23 - 1200-2008-0039-rettsbok"

Ingrid Haukanes Røen er inhabil pga hun er datter til Øivind Røen.

Arild Røen er inhabil. Han er part i saken som eier av Rødne Gnr.21 Bnr.1, sauer på beite og seter/hytte i nedslagsfeltet til Fitjavatnet. Arild Røen og hans søskenbarn som er eier av Nordvik Gnr.19 Bnr.4 (eier skog i felles utmark ved Fitjavatnet) er i kompaniskap, de eier 1/3 hver i Rødne samdrift DA.

Se vedleggene: 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-21-1, 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-4 og Rødne Samdrift DA - Kunngjøring - Brønnøysundregistrene 21.08.2015

Eva Hellevang er inhabil. Hun er gift med eier av Steintveit Gnr.20 Bnr.6 ved Fitjavatnet.
Se vedlegg: 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-20-6

Olaug Karin Øystese og Karl Bård Kollbotn er inhabil. De er søster og halvbror til undertegnede John Haukenes som er medeier i Aldalselva kraftverk.

Roger Gjerde Urås er inhabil. Han er medeier i Aldalselva kraftverk.

Vidar Trengereid er inhabil pga han er bror til Halldor Trengereid som er medeier i Aldalselva kraftverk.

Heidi Gjerde er inhabil pga hun er datter til Alfred Bjarne Gjerde som er medeier i Aldalselva kraftverk.

Knut Høibraaten er inhabil pga han disponerer Steintveit Gnr.19 Bnr.1 som eier skog i felles utmark ved Fitjavatnet.

Se vedlegg: 2016.05.27 Grunnboksutskrift 1242-19-1

Hilsen
John Haukenes
Leder for grunneierne i Aldalselva kraftverk

2016-08-26 9:43 GMT+02:00 Tone Ramsli <Tone.Ramsli@samnanger.kommune.no>:

Hei

Formannskapet skal i møtet sitt den 1.9.2016 sjå nærare på handsaminga av klage på vedtak i NVE om Aldalselva kraftverk. Grunnlaget for dette er m.a. dine skriv til kommunen. Dette møtet er kunngjort til kl 15.00. Det er diverre feil. Møtestart er kl 14.00. Eg sender denne meldinga til deg då eg reknar med at det kan vera aktuelt å vera til stades på møtet. Innkallinga til møtet inkl sakspapir vil du finne på kommunen si heimeside.

Med helsing

Tone Ramsli
Rådmann, Samnanger kommune
56587400



Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande epost vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMM. STYRET
29.09.16

SAKNR. 066/16

**SAMNANGER KOMMUNE SI KLAGE PÅ VEDTAK I NVE OM LØYVE TIL
KONSESJON ALDALSELVA KRAFTVERK**

Tilråding:

Kommunestyret ser at klage på gjeven konsesjon til Aldalselva kraftverk ikkje har sterk nok grunngeving, og at den difor må trekkjast. Grunnen til dette er følgjande:

Vassdragskonsesjonen pkt 5. Naturforvaltning, underpunkt III er utforma for å sikra omsynet til friluftslivet:

«Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og ev. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.»

Dersom kommunen følgjer opp dette punktet aktivt mot miljødirektoratet ser me at det kan la seg gjera for friluftslivet og kraftutbygginga å eksistera side om side.

I konsesjonen er det frå NVE gjeve føringar og forutsetningar som utbyggjar må halda seg til. Under kategorien «Anna» går det fram at «Det må påses at vannforsyningsinteressene ikke blir negativt berørt.»

Det burde såleis vera mogleg for kommunen og utbyggjarane å koma til ei semje om korleis drikkevasskjelda kan skånast gjennom både utbyggings- og driftsfase av kraftverket.

01.09.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: **Olaug Øystese (Ap)** ba om verta vurdert utgild. Ho gjekk ifrå og utvalet fann ho samrøystes ugild. **Øyvind Strømmen (MPG)** deltok under handsaminga.

Arild Røen (H) stilte spørsmål om han var ugild. Han orienterte om sitt eigedomsforhold der han ikkje er eigar i området men har beiterett. Han bad om verte vurdert som gild i saka.

Øyvind Røen (Sp) ba om få sin gildskap vurdert og viste til A. Røen si grunngeving der han heller ikkje kan sjå at han er part i saka. Begge gjekk ifrå under handsaminga. **Sture Tveit(H)** og **Gunnar Bruvik (Frp)** kom til under handsaminga.

Utvalet vedtok samrøystes at **Arild Røen** samrøystes gild. **Sture Tveit** gjekk ifrå og **A. Røen** tok på nytt plass.

Utvalet vedtok samrøystes at **Øyvind Røen** var gild. **Gunnar Bruvik** gikk ifrå og **Ø. Røen** deltok under handsaminga av saka vidare.

Rådmann **Tone Ramsli** viste til bakgrunnen for at saka var oppe til handsaming og ba om å få fritak for å vera med under handsaminga, noko som vart akseptert. Ho gjekk då ifrå. **Monica Tjønnå (Sp)** og **Øyvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg;

” Formannskapet ser at det kan vera gjort ein formell feil i sakshandsaminga av klage på vedtak i NVE om kraftutbygging i Aldalen.

Me ber difor om at det vert lagt fram ei sak i kommunestyret 29.09.2016 med tanke på ei eventuell stadfesting av klagen.

I saksførebuinga til møtet må det gjerast ei utgreiing om kva konsekvensar utbygginga vil ha for Fitjavatnet, spesielt på punkta fritid/rekreasjonsområde og drikkevasskjelde.”

Øyvind Strømmen (MPG) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

”Formannskapet ber om ei juridisk vurdering av sakshandsaminga, og kva konsekvensar ein sakshandsamingsfeil har.”

Det vart røysta punktvis.

Først vart det røysta over framlegget til **Tjønnå** og **Røen** som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget til **Strømmen**, som fall med 4 mot 5 røyster. Følgjande røysta slik;

For Tilleggsframlegget	Imot tilleggsframlegget
Nils Aadland (Ap)	Odd Arne Haga (Frp)
Aril Røen (H)	Lena Tveit (Bl)
Øyvind Strømmen (MPG)	Monica Tjønnå (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Øyvind Røen (Sp)
	Knut Harald Frøland (Bl)

FORM-046/16 VEDTAK:

Formannskapet ser at det kan vera gjort ein formell feil i sakshandsaminga av klage på vedtak i NVE om kraftutbygging i Aldalen.

Me ber difor om at det vert lagt fram ei sak i kommunestyret 29.09.2016 med tanke på ei eventuell stadfesting av klagen.

I saksførebuinga til møtet må det gjerast ei utgreiing om kva konsekvensar utbygginga vil ha for Fitjvatnet , spesielt på punkta fritid/rekreasjonsområde og drikkevasskjelde.

29.09.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Gildskapen til følgjande kommunerepresentantar vart teke opp:

- Olaug Øystese (A)
- Karl B. Kollbotn (Frp)
- Roger Gjerde Urås (A)

Olaug Øystese (A) og Karl Bård Kollbotn (Frp) vart samrøystes funnen ugild grunna slektskap (forvaltningsloven § 6 bokstav b) og tredde ifrå under handsaminga av saka.

Roger Gjerde Urås (A) vart samrøystes funnen ugild grunna at han er grunneigar i området (forvaltningsloven §6 bokstav a) og tredde ifrå under handsaminga av saka.

Det vart ikkje kalla inn vara for representantane Øystese (A) og Urås (A).
Morten Røen (Frp) tok plass i handsaminga av saka for representanten Kollbotn (Frp).

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) les opp tilrådinga si frå sakspapira.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune, ved kommunestyret, stadfester klagen på at NVE har gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

Kommunen meiner det framleis er for usikkert kva konsekvensar reguleringa vil ha for vassverket og friluftslivet ved Fitjvatnet. Kommunen vil her m.a. peika på uklare tilhøve når det gjeld normalvasstand og flaum i vatnet. Ei føre var-haldning tilseier difor at konsesjon ikkje bør gjevast.

Samnanger kommune vil understreka at det har vore gjort store inngrep i Samnanger-naturen i samband med kraftutbygging, og truleg vil det verta søkt om og gjeve nye konsesjonar i framtida. Det er difor svært viktig for kommunen også å verna eit større uregulert vatn i relativt urørt natur, som ligg sentralt og lett tilgjengeleg for innbyggjarane.

Det vart røysta over dei to framlegga i saka.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For tilråinga frå ordføraren:	For framlegget til Øyvind Røen (Sp)
Inge Aasgard (KrF)	Olav Haga (A)
Gunn Totland Moss (KrF)	Gunn Østvik Petersen(A)
Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)	Harald Boge (A)
Ingvild R. Bogevik (Frp)	Anja Marken (MDG)
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Martin Haugen (Bl)	Sture Tveit (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Morten Røen (Frp)
	Svein V. Røseth (Frp)
	Lena Tveit (Bl)

	Anja Elisabeth Gjerde Markhus(BI)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnå(Sp)
Totalt: 7 røyster	Totalt: 12 røyster

Framlegget frå Øyvind Røen (Sp) vart vedteke med 12 mot 7 røyster.

KS-066/16 VEDTAK:

Samnanger kommune, ved kommunestyret, stadfester klagen på at NVE har gjeve konsesjon til Aldalselva kraftverk.

Kommunen meiner det framleis er for usikkert kva konsekvensar reguleringa vil ha for vassverket og friluftslivet ved Fitjvatnet. Kommunen vil her m.a. peika på uklare tilhøve når det gjeld normalvasstand og flaum i vatnet. Ei føre var-haldning tilseier difor at konsesjon ikkje bør gjevast.

Samnanger kommune vil understreka at det har vore gjort store inngrep i Samnanger-naturen i samband med kraftutbygging, og truleg vil det verta søkt om og gjeve nye konsesjonar i framtida. Det er difor svært viktig for kommunen også å verna eit større uregulert vatn i relativt urørt natur, som ligg sentralt og lett tilgjengeleg for innbyggjarane.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/98-3
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	43/16	14.11.2016

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune

Bakgrunn

I samsvar med forskrift om revisjon (revisjonsforskrifta) § 12 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør merknader til nemnte paragraf.

Jmf. revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor hjå Deloitte AS Bjarne Ryland har sendt over ei slik eigenvurdering dagsett 04.07.2016. Eigevurderinga ligg ved saka.

I kontrollutvalsforskrifta § 4 heiter det:

§ 4. Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si eigenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for kommunen, som ikkje er tinga av kontrollutvalet. Det er ingen ting i vegen for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengighet og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for kommunen ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og størrelsen på oppdraget.

Sekretariatet har motteke stadfesting frå Deloitte om at dei ikkje har hatt oppdrag utover bestilling frå kontrollutvalet.

Sekretariatet kan såleis ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune.

Konklusjon

Sekretariatet finn ikkje at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte sin ansvarlege revisor sin uavhengighet i høve Samnanger kommune. Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet godkjenner uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland hjå Deloitte.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Uavhengighetserklæring frå Deloitte, datert 04.07.16

Til Kontrollutvalet i Samnanger kommune


Tlf: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland si eigenvurdering av uavhengighet følger punktvis i forhold til krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14:

Pkt. 1: Ansettelsestilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Samnanger kommune som er av betydning for vår uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgjevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgjevings- eller andre tenester til Samnanger kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunens egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Samnanger kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte for tida ikkje opptre som fullmektig for Samnanger kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særeigne forhold	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Samnanger kommune.</i>

Bergen, 4. juli 2016
Deloitte AS


Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of members firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Medlemmer av Den Norske Revisorforening
org.nr: 980 211 282



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2016/38-22
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	44/16	14.11.2016

Deloitte presenterer revisjonsplan for 2016 og rekneskapsrevisjon så langt

Bakgrunn

Kontrollutvalet i Samnanger kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016, vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2016, som ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimsrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Etter planen skal interimsrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte kvart år, eller i første møte på nyåret.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2016 frå Deloitte AS til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Revisjonsplan Samnanger kommune 2016

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om evt. endringer. I møtet vil misligheter og rutiner knyttet til forebygging og avdekking av misligheter bli vektlagt.	Deloitte	Okt./Nov.
Rutiner	Vi vil kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: <ul style="list-style-type: none"> • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter <p>Fokus her vil være på etablert intern kontroll på de ulike områdene.</p>	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Utgifter	Detaljkontroll av utgifter.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des.
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Nov./Des. Feb.-april
Kontrollutvalgsmøte	Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget om evt. vesentlige funn.	Deloitte	Nov./Des.
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva.kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor <u>senest fem virkedager før</u> frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er det utsatt frist. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende
Offisielt regnskap	Årsregnskapet skal bestå av driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 3. Notekravene i § 5 er et minimumskrav. Årsregnskapet skal være avlagt innen 15.02, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.	Rådmann Rådmann	Frist for avleggelse 15.02 og 31.03.

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
	<p>Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold og senest 31. mars, jfr. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 3. ledd.</p> <p>Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jfr Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 10, 1. ledd.</p>	<p>Rådmann</p> <p>Rådmann</p>	
Offisielt regnskap til revisor	<p>Revisor skal motta årsregnskapet umiddelbart etter avleggelse. Dette medfører at revisor skal motta driftsregnskap, investeringsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter og noteopplysninger datert 15.02, uten ugrunnet opphold etter avleggelse. Dette for å kunne foreta revisjonen tidsriktig. Dersom regnskapet ikke er avlagt 15.02, vil revisors beretning inneholde informasjon om dette.</p> <p>Avstemminger må ikke være ferdigstilt ved avleggelse av regnskapet, men samtlige avstemminger må være ferdigstilt til dato for revisjonsbesøk i februar/mars.</p> <p>Årsberetning skal sendes til revisor umiddelbart etter at den er avlagt 31.03. Dersom dato for avleggelse ikke overholdes, vil revisors beretning inneholde en informasjon om dette. Årsberetningen skal signeres for å bli vurdert som avlagt.</p>	<p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p> <p>Økonomisjef</p>	
Offisielt regnskap	<p>Ved mottak av endelig regnskap, vil vi påse følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regnskapsmaterieell mottas innen 15.02. • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt <p>Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.</p>	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Bank	<ul style="list-style-type: none"> Bankavstemming 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Investeringer og utlån	<ul style="list-style-type: none"> Verdsettelse og klassifisering av verdipapirer Avkastning på verdipapirer Utlån husbankmidler mm 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Fordringer	<ul style="list-style-type: none"> Kundereskontro mot regnskap Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) for fordringer generelt inkl. vurdering av kundefordringer og utlån Kreditsaldoer Periodisering inntekter 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Forskuddsbetalte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Avsetninger 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Driftsmidler	<ul style="list-style-type: none"> Anleggsregister mot regnskap Aktivering Salg Avskrivninger iht. regelverk Gjennomgang prosjektrengskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Påløpte utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter Vurdere avsetningene som er gjort 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Leverandørgjeld	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørreskontro mot regnskap Debetposter Utbetalingskontroll 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Langsiktig gjeld	<ul style="list-style-type: none"> Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver Låneopptak er i samsvar med kommuneloven Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) Rentekostnader Avdrag iht. vektingsregel Oversikt over garantier 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Egenkapital/fond	<ul style="list-style-type: none"> Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap Kapitalkonto 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Inntekter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av inntekter Skatteinntekter Rammetilskudd 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Utgifter	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av utgifter Periodisering iht. anordningsprinsippet Selvkostregnskap 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Lønn	<ul style="list-style-type: none"> Analyse av lønnskostnader Kontrolloppstilling over innberettet beløp Feriepenger Pensjon Skattetrekk Arbeidsgiveravgift Sykepengerefusjoner 	Deloitte - årsoppgjør	Feb. – april
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15. april
Kontrollutvalget	Økonomisjef og rådmann skal sende årsregnskap inkludert årsberetning til sekretariatet umiddelbart etter ferdigstilling slik at sekretariatet kan forberede sak til kontrollutvalget	Rådmann/ økonomisjef	Umiddelbart etter ferdigstilling, i god tid før møte i kontrollutvalget



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2015/131-12
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	45/16	14.11.2016

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

Bakgrunn

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

” Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2016 - 2020
- å gjennomføra ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i kommunen som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 42/15 i møte 25.11.2015:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16, lage eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for forvaltningsrevisjon skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:*
 - a. *Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Samnanger kommune skal gjennomførast.*
 - b. *Forslag til korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.*
2. *Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.*

3. *Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggast fram for kommunestyret hausten 2016.*

I kontrollutvalet sitt møte 23.02.2016, sak PS 7/16 vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

1. *Prosjektplan for analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

Prosess

Deloitte har i sitt analysearbeid m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, spørjeundersøking for administrative leiarar og kommunestyret. Intervju med administrative og politiske leiarar og prosessmøte med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av analyse som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 20.04.2016 vart det sett fokus på "risikovurdering", og i møtet 15.09.2016 var det "vesentlighetsvurdering" som vart lagt vekt på. I prosessmøte 2 vart det også gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 15.09.2016. Utkast til overordna analyse er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Samnanger kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet.

Det føreligg no utkast til plan for forvaltningsrevisjon. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og føreslåtte prosjekt skal prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Drøfting

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2016 – 2020. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på vesentlighet og risiko. I omgrepet "risiko- og vesentlighetsvurderingar" ligg at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av kommunen si verksemd det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med analyse og plan har ein vore innoom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort framlegg om å setje opp fem av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett i ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

I gjeldande plan for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune som vart utarbeidd i 2012, vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik forskrift om kontrollutval opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess.

Kontrollutvalet skal senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar ligg til sekretariatet og kontrollutvalet. Mellom anna vert gjennomførte forvaltningsrevisjonar følgt opp i kontrollutvalet si årsmelding. Årsmelding er rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Konklusjon

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 som ligg føre, er eigna for at kontrollutvalet kan innstilla til endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller legga til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen fremjast for kommunestyret.

Forslag til innstilling

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne revisjonen og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020
- Overordna analyse for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

Samnanger kommune Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020



Oktober 2016

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	5
1.2	Plan for forvaltningsrevisjon	5
1.3	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020	7
2.1	Gruppe 1 – prioriterte prosjekt	7
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte prosjekt	8
3	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	9
3.1	Framgangsmåte	9
3.2	Gjennomføring og rapportering	9

1 Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Ifølgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen.¹ Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonen sitt innhald:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,***
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,***
- c) regelverket etterleves,***
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,***
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,***
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.***

1.2 Plan for forvaltningsrevisjon

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal gå fram av ein plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.²

¹ Kommuneloven § 77. Kontrollutvalet

² Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10

1.3 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen har vore å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.³

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- dokument- og statistikkanalyse
- prosessmøte i kontrollutvalet
- spørjeundersøking til administrative leiarar i kommunen
- intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Informasjon som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.



³ For en nærare presentasjon av overordna analyse, sjå «Kontrollutvalgsboka» kapittel 6 (tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/contentassets/67b3cb9c983a49b2be54e8b932faceb9/kontrollutvalgsboka.pdf>)

2 Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper: ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til prosjekta.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt	Tema
1	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvere og personalforvaltning	<ul style="list-style-type: none">• rekruttering• kompetanseplanar• system og rutinar• systematisk førebygging av sjukefråvere• oppfølging av plikter etter IA-avtalen
2	Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<ul style="list-style-type: none">• organisering og kompetanse• rutinar• regeletterleving
3	Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">• tilpassing av den ordinære undervisninga• samhandling mellom PPT og skule• vedtak om spesialundervisning
4	Forvaltningsrevisjon av kvalitetsarbeid og fagleg utvikling innan pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none">• internkontroll/kvalitetssystem• bruk av teknologi• kompetanseutvikling
5	Forvaltningsrevisjon av økonomistyring	<ul style="list-style-type: none">• budsjettering• oppfølging• analyse

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

	Prosjekt
1	Forvaltningsrevisjon av system for løn og lønsutbetaling
2	Forvaltningsrevisjon av rusomsorg og psykisk helse
3	Forvaltningsrevisjon av HMT
4	Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik
5	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring
6	Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltning
7	Forvaltningsrevisjon av sjølvkost
8	Forvaltningsrevisjon av arbeidet mot mobbing
9	Forvaltningsrevisjon av habilitet
10	Forvaltningsrevisjon av mottak og integrering av flyktningar
11	Forvaltningsrevisjon av plan- og byggjesak
12	Forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeid i barnehagar og skular
13	Forvaltningsrevisjon av kompetanseutvikling i barnehagar og skular
14	Forvaltningsrevisjon av IKT-løysingar og kommunikasjon med innbyggjarar
15	Forvaltningsrevisjon av arbeidet i kultursektoren
16	Forvaltningsrevisjon av vedlikehald
17	Forvaltningsrevisjon av offentlegheit og arkivering
18	Forvaltningsrevisjon av barnevern
19	Forvaltningsrevisjon av rehabilitering og brukarmedverknad
20	Forvaltningsrevisjon av tildeling og vedtak om helse- og omsorgstenester

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3 Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einstilte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium⁴ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einstilte prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.


⁴ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS

Samnanger kommune Overordna analyse



Oktober 2016

«Overordna analyse»

Oktober 2016

Rapporten er utarbeidd for
Samnanger kommune av Deloitte
AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhald

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	23
4. Tidlegare forvaltningsrevisjonar	25
Vedlegg: Statistikk	26

1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analyse-grunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet administrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare områda i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekomme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet som må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovudregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltninga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
- vurdere om forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
- vurdere om regelverket blir etterlevd
- vurdere om forvaltninga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
- vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultatata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformasts gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følgje forskrifta skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovudsak informasjon frå Samnanger kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for kommunen med gjennomsnittet for andre kommunar av liknande storleik (kommunegruppa) og for landet.

1.2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Vi har gjennomført intervju med rådmann, assisterande rådmann og sektorleiar for helse og omsorg. Av politiske leiarar har vi intervjuet ordførar, varaordførar og gruppeleiarar for Krf, H og Ap.

1.2.4 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til sektor- og einingsleiarar i kommunen. Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 16 leiarar og vi fekk svar frå 14 leiarar innan fristen (88 prosent). Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til elleve hovudtillitsvalte og hovudverneombod, tre personar har svart, noko som utgjer 60 prosent av dei som fekk undersøkinga. I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

1.2.5 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.

1.3 Lesarrettlegg

Innspele som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.


Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggest fram for kommunestyret.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.




2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Samnanger kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Tabell 1 Fargesymbol

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	«Høg risiko» På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.
	«Middels risiko» På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) gjev grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.

Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingar er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltnings-revisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.1 Bakgrunn – folkesetnad og økonomi

2.1.1 Folkesetnad

Samnanger kommune hadde i følge KOSTRA i 2014 og 2015 2443 innbyggjarar. Samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015 har Samnanger kommune ein lågare del innbyggjarar i aldersgruppa 19-24 år, og ein høgare del innbyggjarar som er 80 år og over. Sjå Tabell 2 i vedlegget.

2.1.2 Finansielle nøkkeltal

Det går fram av Samnanger kommune sine heimesider at kommunen kjøper tenester for skatteoppkrevjing frå Kvam herad.

Det går fram av Samnanger kommune si årsmelding for 2015 at kommunen sin økonomi er ei utfordring. Dette skuldast først og fremst at inntektene frå kraftproduksjonen sviktar. Inntektene frå sal av konsesjonskraft har gått ned frå 6,3 mill. kroner i 2010 til 1,5 mill. kroner i 2015. Vidare viser rekneskapen for 2015 at Samnanger kommune har eit meirforbruk i einingane i høve til revidert budsjett på 320 000 kroner og eit samla meirforbruk i drifta på 980 000 kroner.

KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune i 2014 og 2015 har hatt eit negativt brutto og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, samt at kommunen har eit lågare brutto og netto driftsresultat samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går også fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune fekk ei markant auke i netto lånegjeld og langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter i 2015, og at dei i 2015 ligg over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå tabell 3 i vedlegget.


Samnanger kommune si årsmelding viser til at det til tider er utfordrande å etterleve lov og forskrift om offentlege innkjøp. Dette gjeld mellom anna fordi lova i mange høve gjer innkjøpa dyrare og at det ikkje alltid er fleksibilitet til å finne dei beste løysingane. Det sistnemnde gjeld i særleg grad eining for tekniske tenester, men også andre einingar opplever slike utfordringar.

I 2016 har Samnanger kommune fått gjennomført ei økonomisk analyse av kommuneøkonomien. Denne konkluderer med at kommunen har svake finansar, til trass for høge frie inntekter og eigedomsskatt. Det vert mellom anna peikt på at kommunen har høg lånegjeld og svært lite pengar på disposisjonsfond. Vidare viser analysen at Samnanger brukar mykje pengar på tenesteproduksjon, spesielt innan pleie og omsorg og grunnskular. Konsulenten konkluderer med at det bør vere mogleg å redusere netto driftsutgifter med mellom 10 og 15 millionar over ein økonomiplanperiode.

2.2 Organisasjon/stab

Samnanger kommune har sidan 1996 vore administrativt organisert i ein to-nivåmodell. I 2015 blei det gjort fleire endringar i den administrative organiseringa, og innføringa av ny organisering har skjedd gradvis i løpet av året. Kommunen er no organisert etter ein modell med fire sektorar og 12 einingar. Dei fire sektorane er «samfunn og utvikling», «organisasjon», «helse og omsorg» og «oppvekst og kultur». Eit av måla med omorganiseringa var å styrke rådmannskontoret. Dei fire sektorleiarane har i kraft av den nye organiseringa overteke ein del oppgåver som tidlegare var fordelt mellom rådmannen og assisterande rådmann. Dette gjeld mellom anna oppfølging av einingane. Organisasjonskartet nedanfor viser organiseringa pr. desember 2015.

Figur 1: Organisasjonskart, Samnanger kommune.



2.2.1 Sjukefråvær

Det går fram av Samnanger kommune si årsmelding for 2015¹ at det samla sjukefråværet i kommunen i 2015 var på 7,9 prosent. Dette er om lag identisk med 2013 og 2014, då sjukefråværet var på høvesvis 7,8 og 7,7 prosent. Det går vidare fram av årsmeldinga at det i 2015 var høgast sjukefråvær i aldersgruppa 60-69 år, medan det i 2012, 2013 og 2014 var høgast sjukefråvær i aldersgruppa 20-29 år. Ser ein nærmare på sjukefråværet i dei ulike einingane går det fram av årsmeldinga at det er einingane for pleie og omsorg (11 prosent) og tekniske tenester (13,5 prosent) som har høgast sjukefråvær. Det blir peika på i årsmeldinga og i intervju at Samnanger kommune er sårbar for sjukemeldingar og vakanse sidan fagmiljøet i kommunen er lite, og det er utfordrande å erstatte nøkkelpersonar dersom dei blir fråverande over lengre tid.

2.2.2 Internkontroll

Det går fram av årsmeldinga at Samnanger kommune har vedteke ei rekke tiltak for å betre internkontrollen i kommunen, basert på tilrådingane i ein forvaltningsrevisjon gjennomført av Deloitte i 2015.² Arbeidet med gjennomføringa av tiltaka starta opp hausten 2015, og er forventa slutført tidlegast ved utgangen av 2016.





2.2.3 IKT




Det går fram av Samnanger kommune si årsmelding 2015 og budsjettforslag for 2016 at kommunen har behov for fleire digitale løysingar for å effektivisere drifta. Dette gjeld mellom anna vidareutvikling av digitale løysingar for innbyggjarar og tilsette i kommunen. Vidare blir det peika på i budsjettforslaget 2016 at Samnanger har utfordringar knytt til auka krav til dokumentasjon, arkivering av dokument, innsyn med vidare.





I tabellen underfølgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

¹ Samnanger kommune – Årsmelding 2015, s.44-45.

² Deloitte – Samnanger kommune – Forvaltningsrevisjon av internkontroll. juni 2015.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
IKT-løysingar og kommunikasjon med innbyggjarar	<p>Det går fram av årsmeldinga at det er behov for fleire digitale løysingar for å effektivisere drifta i kommunen.</p> <p>Det går fram av undersøkinga at det er ein opplevd mangel på effektive IT-system.</p>	Manglande effektivitet		
Offentlegheit og arkivering	<p>Det går fram av budsjettforslaget for 2016 at Samnanger har utfordringar knytt til auka krav til dokumentasjon, arkivering, innsyn mv.</p> <p>Samnanger kommune har ein arkivplan på Internett. Det vert peika på at det kan vere utfordrande å få tilsette og leiarar til å sette seg inn i rutine og nytte dei.</p>	<p>Risiko for at dokumentasjon ikkje er tilgjengeleg, eller vanskeleg å finne att.</p> <p>Risiko for manglande innsyn.</p> <p>Risiko for brot på regelverk.</p>		
Informasjons-tryggleik	<p>Det vert påpeikt at kommunen manglar eit godt styringssystem for informasjonstryggleik, og at dette er eit område som ikkje har vorte prioritert i særleg grad.</p> <p>Internkontrollsystem for datatryggleik er under arbeid, men har vist seg krevjande å fullføre.</p>	Risiko for at data ikkje er tilstrekkeleg trygge (konfidensialitet, tilgjengelegheit og integritet)		
Innkjøp	<p>Årsmeldinga til kommunen viser at det er utfordrande å etterleve regelverket om offentlege innkjøp.</p> <p>Det vert stilt spørsmål om det førekjem brot på innkjøpsreglementet, og det vert trekt fram ulike innkjøp i kommunen der det vert stilt spørsmål om regelverket for offentlege anskaffingar er brote.</p>	<p>Risiko for at innkjøpsarbeidet vert ineffektivt, og at ein ikkje oppnår så gode vilkår som ein burde.</p> <p>Risiko for brot på regelverk.</p>		

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Økonomistyring	<p>I intervju som revisjonen har gjennomført blir det peika på at det er naudsynt å rette fokus mot kommunen si økonomistyring, og sjå på om Samnanger har gode nok system og rutinar for å ei effektiv drift og god ressursutnytting.</p> <p>Samstundes er det andre i undersøkinga som peiker på at budsjettkontroll og oppfølging av budsjett fungerer bra i kommunen.</p> <p>Det kan vere utfordrande å sikre tilstrekkeleg kompetanse knytt til økonomistyring og –rutinar på alle leiarnivå i organisasjonen.</p>	Økonomisk risiko		
Personalforvaltning og løn	<p>Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om organisasjonen er flink nok til å følgje opp oppgåver knytt til personalforvaltninga.</p> <p>Innan fleire område kjem det fram at det er vanskeleg å sikre nok spisskompetanse knytt til dei ulike fagområda i kommunen. Innanfor helse- og omsorgssektoren går det fram at ein bør utarbeide ein kompetanseplan.</p> <p>Det vert vidare påpeikt at det kan vere manglande kompetanse på prosessane frå utlysing til tilsetting.</p>	<p>Aukt risiko i samband med ulike personalsaker.</p> <p>Risiko for manglande bemanning/kompetanse i viktige funksjonar.</p>		
Løn og lønsutbetaling	<p>Det vert også peikt på at rutinar knytt til løn og personal ikkje er tilstrekkelege. Det har vore vanskeleg å få lønssystemet til å fungere, og det er mange manuelle prosessar i skjæringspunktet mellom ressursplanlegging og lønsutbetaling.</p>	<p>Feilutbetalingar av løn.</p> <p>Ineffektive prosessar</p>		

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
HMT	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om det er underrapportering av avvik Vidare vert det også påpeikt at ein del rutinar ikkje er oppdaterte i høve til korleis arbeidet vert gjennomført per i dag..	Risiko for at avvik og uønskete hendingar ikkje blir oppdaga og utbeta.		I oppfølginga av forvaltningsrevisjon av internkontroll har ein jobba med å få på plass HMT-system, og det vert opplyst at ein skal gå vidare med system for risiko-vurderingar og avvikshand-saming. Målet er å få på plass desse elementa i internkontrollen i løpet av 2016.
Habilitet	Det vert påpeikt at Samnanger er ein liten kommune, og at dette aukar sjansen for at ein møter på habilitetsutfordringar..	Risiko for at det vert gjort vedtak som er ugyldige. Auka risiko for mislegheiter. Omdømmerisiko.		
Sjukefråvere	Kommunen er sårbar for sjukefråvere, og ligg høgare på måltalet for sjukefråvere enn det som er målet for kommunen (7,9 % mot mål om 6,5 %), jf. årsmelding 2015. Helse- og omsorgssektoren hadde gode sjukefråveretal i 2015, men nokre område, t.d. barnehagar, har hatt for høgt fråvere.	Økonomisk risiko. Risiko for at ein ikkje får utført tenester/arbeid godt nok eller til riktig tid.		
Landbrukskontor	Samnanger, Fusa, Os, og Tysnes har felles landbrukskontor. Bjørnefjorden landbrukskontor har hovudansvar for oppgåver relatert til landbruk i dei fire kommunane. Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om i kva grad desse tenestene fungerer på ein god måte.	Risiko for manglande måloppnåing.		Det vert påpeikt at det burde vore ein prinsipiell diskusjon i kommunestyret om kva område ein skal prioritere på dette området.

2.3 Oppvekst og kultur

Sektor for oppvekst og kultur har ansvar for barnehage, barneskule, ungdomsskule, vaksenopplæring og kultur.

Samnanger kommune har eit interkommunalt samarbeid om kjøp at pedagogisk psykologisk tenester (PPT) frå Vaksdal kommune.

2.3.1 Barnehage

Samnanger kommune har to kommunale barnehagar og gjev driftstilskot til ein ikkje-kommunal barnehage. Barnehagane i Samnanger, inkludert den private, har kapasitet på om lag 200 barn. Det går fram av årsmeldinga for 2015 at Samnanger kommune har ein langt høgare ressursbruk samanlikna med andre kommunar. Dette er eit bevisst val frå kommunen si side, og kommunen har satsa på tidleg innsats for å gje barna ein god start. Årsmeldinga peiker at det kan vere behov for ein gjennomgang av korleis styrka tiltak er organisert.

Det går fram av årsmeldinga at Samnanger kommune som barnehagemyndig i september 2015 hadde tilsyn med dei tre barnehagane i kommunen. Tema for tilsynet var innhaldet i barnehagen (jf. barnehagelova § 2 og rammeplanen, strategi for kompetanse og rekruttering og rutinar for politiattest, teieplikt, opplysningsplikt til barneverntenesta og helsekontroll av barn og tilsette (bhl §23). Tilsyna avdekte avvik knytt til rutinar for helsekontroll av barn og tilsette. Desse rutinane blei endra og avvika blei lukka innan desember 2015.

I 2014 gjennomførte Fylkesmannen i Hordaland tilsyn med Samnanger kommune om kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar og krav til sakshandsaming.³ Tilsynet avdekte at Samnanger kommune ikkje fattar vedtak om tilskot til ikkje-kommunale barnehagar som oppfyller krava i forvaltningslova og barnehagelova § 14 med tilhøyrande forskrift. Tilsynet avdekte følgjande manglar i vedtaka:

- Manglande grunngjeving for vedtaket.
- Manglande tilvising til rettsreglane vedtaket bygger på i vedtaket.
- Manglande opplysning om klageadgang, klagefrist og at Fylkesmannen er klageinstans for vedtak etter barnehagelova § 14 andre ledd.

KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune har ein lågare del barn i aldersgruppa 1-5 år med barnehageplass samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Sjå Tabell 14 i vedlegget.

2.3.2 Grunnskule

Det går fram av årsmelding for 2015 at 28 av 284 elevar (9,8 prosent) i Samnangerskulen hadde enkeltvedtak om spesialundervisning hausten 2015. Det blir peika på i årsmeldinga og i intervju at skulane bruker mykje ressursar til spesialundervisning. KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune i 2013 og 2014 hadde ein høgare del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. I 2015 er dette talet redusert, men Samnanger ligg framleis høgare enn gjennomsnittet for landet utan Oslo. Sjå tabell 15 i vedlegget. Årsmeldinga skisserer ei målsetting om betre samsvar mellom vedtak, budsjett og organisering. Det går fram av rådmannen sine merknader for Samnanger sitt budsjett for 2016 at kommunen har utfordringar knytt til å skape gode overgangar mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule. Kommunen ønskjer å skape eit betre læringsutbytte for alle elevar gjennom tidleg innsats, tilpassa opplæring og med redusert spesialundervisning. For å oppnå dette ønskjer kommunen å få etablert gode tverrfaglege samarbeidsfora og samarbeidsteam med fokus på tidleg innsats og psykisk helse/folkehelse på alle trinn.

Årsmeldinga peiker på at ungdomsskulen er mykje større enn talet elevar tilseier. Arealet på skulen er svært urasjonelt, og det er krevjande å vedlikehalde. På begge skulane i kommunen er det kapasitet til å ta imot vesentleg fleire elevar. Dette gjer at utgiftene til skulelokale per elev er høge. Det blir vidare peika på i årsmeldinga at Samnanger har ein dyr SFO, og det er svært få som nyttar SFO på heiltid, 22 prosent mot landsgjennomsnittet på 56 prosent.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2015 tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøvar 2014 i grunnskulen i Samnanger kommune.⁴ I tilsynet blei det avdekt at Samnanger kommune har ikkje sikra at skulen praktiserer fritak frå nasjonale prøvar i samsvar med forskrift i opplæringslova § 2. Det går fram av tilsynsrapporten at kommunen ikkje oppfyller følgjande kontrollpunkt knytt til fritak:

- Manglande vurdering av om prøvane vil ha mykje å seie for eleven si opplæring. Grunngjeving for fritak er difor manglande.
- Det går ikkje fram av vedtaka kva hovudomsyn som har vore avgjerande i vurdering av fritak.
- Enkeltvedtak inneheld ikkje informasjon om retten etter forvaltningslova § 18, jf. § 19 til å sjå dokumenta i saka.

³ Fylkesmannen i Hordaland - *Endeleg tilsynsrapport: Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar, krav til sakshandsaming – Samnanger kommune, 2014.*

⁴ Fylkesmannen i Hordaland Utdanningsavdelinga – *Tilsynsrapport: Tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøvar 2014 i grunnskulen i Samnanger kommune, 12.02.2015.*

På grunnlag av desse konklusjonane legg Fylkesmannen til grunn at Samnanger kommune ikkje har eit forsvarleg system for å sikre at krava i forskrift til oppl. § 2-4 og forvaltningslova blir oppfylt, jf. oppl. §13-10, 2.ledd.

2.3.3 Vaksenopplæring

Årsmeldinga peiker på at vaksenopplæringa i Samnanger har utfordringar med at det ikkje finst eigna lokale som er tilrettelagt for den delen av opplæringa som gjeld spesialundervisning for vaksne. I tillegg er det ønskjeleg med ein meir hensiktsmessig administrasjon av vaksenopplæringa, til dømes at den bør bli knytt til ei eining. Det går fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune ikkje har netto driftsutgifter til vaksenopplæring, og ligg lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i netto driftsutgifter til vaksenopplæring i prosent av samla netto driftsutgifter i perioden 2013-2015. Sjå tabell 16 i vedlegget.

2.3.4 Kultur

Samnanger bruker vesentleg mindre på kultur samanlikna med gjennomsnittet for kommunane i landet. I årsmeldinga blir det peika på at ei auke i kultursatsinga først og fremst bør skje ved å spisse tilbodet mot aldersbestemte grupper. KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune har lågare netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Sjå tabell 17 i vedlegget.

2.3.5 Barnevern

I følgje Samnanger kommune si årsmelding fungerte rådmannen i 2015 (som i 2014) som barnevernsleiar. Dette var ei mellombels ordning i påvente av etablering av interkommunal barnevernteneste, som tredde i kraft frå 1.6.2016. Det er no Bergen barnevern avdeling Arna som tek hand om barneverntenestene i Samnanger.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2016 tilsyn med barnevern-, helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse i mars 2016.⁵ Tilsynet undersøkte om Samnanger kommune ved systematisk styring og leiing har lagt til rette for og følgjer med på at



- Helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse oppfyller opplysningsplikt til barnevernet.
- Meldingar til barneverntenesta blir handtert forsvarleg.
- Barneverntenesta oppfyller plikt til å gi tilbakemelding til meldar.
- Barnevern-, helsestasjons- og skulehelsetenesta og psykisk helse tilbyr og brukar individuell plan når barn og unge treng langvarige og koordinerte tenester.

Tilsynet avdekte ingen forhold som er i strid med barnevernslvgjevinga og helse- og omsorgslvgjevinga.

Det går fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune har hatt ei auke i delen netto driftsutgifter til barn som er plasser av barnevernet frå 2013 til 2015, og i 2014 og 2015 ligg dei over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at delen barn med barnevernstiltak i forhold til talet innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år har auka frå 2013 til 2015, og ligg i 2014 og 2015 over gjennomsnittet for landet utan Oslo. Det har også skjedd ei auke i delen meldingar som går til undersøking frå 2013 til 2015, og i 2015 ligg Samnanger over gjennomsnittet for landet utan Oslo. Delen undersøkingar som førte til tiltak har auka frå 2013 til 2014, og minka igjen frå 2014 til 2015, men i 2014 og 2015 ligg Samnanger over gjennomsnittet for landet utan Oslo. Sjå tabell 18 i vedlegget.

I tabellen underfølgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

⁵ Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med Samnanger kommune 2016, 5.4.2016.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Kultur	Det går fram av KOSTRA-data at det er låge netto driftsutgifter til kultursektoren i kommunen. Det kjem fram i undersøkinga at dette kan medføre at ein ikkje når alle måla for arbeidet i denne sektoren.	Manglande måloppnåing Manglande tilbod til innbyggerane.		
Beredskapsarbeid i barnehagar og skular	Det er sett i gang eit arbeid med å få på plass beredskapsplan for alvorlege hendingar i barnehagar og skular.	Manglande beredskapsplanar kan svekke organisasjonen si moglegheit for å handtere krisesituasjonar.		Det kjem fram i undersøkinga at det er gjort risikoanalyse for alvorlege hendingar og utarbeidd tiltakskort på bakgrunn av dette.
Mobbing	Det kjem fram i undersøkinga at det ikkje er på plass ein heilskapleg plan for læringsmiljø (med fokus på førebygging, avdekking og oppfølging av mobbing)	Manglande systematisk arbeid knytt til mobbing kan få alvorlege følgjer for elevar som vert utsett for mobbing.		
Spesialundervisning og tilpassa opplæring	Det er eit mål for kommunen å få til gode overgongar og tidleg innsats Det kjem fram i undersøkinga at det ikkje har vore tilstrekkelege midlar i skulen til spes.ped.-koordinator, og at det er ein risiko for at saksbehandling knytt til spesialundervisning ikkje vert god nok. Vidare går det fram at det har vorte kutta i tilpassa undervisning og bruk av to lærarar.	Risiko for at elevar ikkje får den spesialpedagogiske hjelpa dei har krav på. Risiko for dårlegare læringsutbyte for elevane i den ordinære undervisninga.		
Kompetanse i barnehage og skule	Det kjem fram i undersøkinga at det manglar fagutdanna personell i enkelte stillingar. Det er også behov for opplæring i IKT i barnehage og skule. Det går vidare fram at skulane er sårbare når nøkkelpersonar er sjukemelde	Risiko for at innhaldet i utdanninga/det pedagogiske arbeidet ikkje vert godt nok. Risiko for at ein ikkje jobbar effektivt nok.		
Barnevern	Det er inngått ein samarbeidsavtale med Bergen kommune om barneverntenester. Barnevernet inngår som ein del av eit samarbeid om tilbod til barn og unge saman med mellom andre skule og PPT.	Organiseringa kan medføre risiko for at tenestene ikkje vert tilstrekkeleg heilheitlege og koordinerte.		

2.4 Helse og omsorg

Sektor for helse og omsorg omfattar sjukeheim, heimetenester, funksjonshemma, NAV og helsetenester.

Det går fram av Samnanger kommune sine heimesider at kommunen har følgjande interkommunale samarbeid knytt til helse- og omsorgssektoren:

- Diabetesteam i Bjørnefjordregionen (Os, Samnanger, Fusa)
- Kolsteam i Bjørnefjordregionen (Os, Samnanger, Fusa)
- Legevaktsamabeid mellom Os og Samnanger

2.4.1 Helsetenester

Samnanger kommune har felles legevakt med Os kommune.

Det går fram av KOSTRA-tala at ein lågare del spedbarn i Samnanger kommune fullført i perioden 2013-2015 helseundersøking innan utgangen av åttande leveveke samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Tala viser vidare at det i 2015 var ein lågare del barn i 2-3 årsalderen som fullførte helseundersøking i Samnanger samanlikna med dei same gruppene. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune i perioden 2013-2015 hadde eit lågare tal fysioterapitimar per bebuar på sjukeheim samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå tabell 9 i vedlegget.

2.4.2 Pleie og omsorgstenestene

Pleie- og omsorgstenestene omfattar sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen, samt tenester til funksjonshemma. Kommunen har ansvar for omsorgsbustader i privat eige, dvs. at eininga må dekke husleiga når husværa ev. ikkje er utleigd.

Det går fram av årsmeldinga at 2015 var eit krevjande år for pleie og omsorg. Gamle Samnangerheimen blei lagt ned på slutten av 2014, og i heile 2015 har eininga hatt mellombels drift. Eininga har lukkas i å oppretthalde kvaliteten på tenestene, men for å få dette til har dei satt inn ekstra mannskap, noko som har medført økonomiske overskridingar. Det blir vidare peika på at grunna kommunen sitt fokus på å fjerne uønskete deltidstillingar i eininga har fleire tilsette den stillingsstorleiken dei ønskjer, og det er færre vikarar til å ta ledige vakter som kjem knytt til sjukdom, permisjonar m.m. For å dekke desse vaktene er kommunen difor blitt avhengig av personell gjennom bemanningsbyrå. Det går vidare fram av årsmeldinga at Samnanger hatt utfordringar med rekruttering av fagutdanna søkjarar innan pleie og omsorg i fleire år, spesielt til små stillingar/helgestillingar.

Det går fram av Samnanger kommune si årsmelding at det er eit stort meirforbruk innan eldreomsorga i kommunen. Dette skjedde til trass for at kommunen har tatt grep for å auke bemanninga og redusere bruken av vikarbyrå. Høgare grunnbemanning og endringar i måten eininga blir drifta på har ført til lågare sjukefråvær, men sjukemeldingar og manglande kompetanse for særskild krevjande pasientar gjorde at vikarbyrå måtte nyttast. Samhandlingsreforma har ført til auka krav til kompetanse, og utfordringar knytt til sjukepleiebemanninga i kommunen.

KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune har høgare netto driftsutgifter til pleie og omsorg i prosent av kommunen sine totale netto dritsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013-2015. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Samnanger har ein høgare del av netto driftsutgifter til pleie og omsorg som går til institusjonar samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i same periode. Samstundes viser tala at Samnanger kommune har færre mottakarar av heimetenester per 1000 innbyggjar i alle aldersgrupper, og ein høgare del plasser i institusjon i prosent av mottakarar av pleie- og omsorgstenester i perioden 2013 til 2015 samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. KOSTRA-tala viser at delen plasser avsett til tidsavgrensa opphald, og del plassar avsett til rehabilitering/habilitering, auka betrakteleg frå 2014 til 2015, og i 2015 ligg Samnanger over gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo på denne variabelen. Sjå Tabell 10 i vedlegget.

2.4.3 Sosialtenesta – NAV Samnanger

Det går fram av årsmelding for 2014 at stillinga som einingsleiar for NAV i Samnanger har vore vakant sidan 2014 i påvente av avklaringar om ny struktur og interkommunalt samarbeid om barnevern. Etter formelt vedtak om ny struktur har leiar for NAV kommune blitt tilsett.


Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte i 2015 tilsyn med NAV Samnanger kommune.⁶ Tilsynet omfatta tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til unge mellom 17 og 23 år. Det blei undersøkt om kommunen gjennom si styring og leiing sørgjer for at tenestene er tilgjengelege for personar mellom 17 og 23 år, og at tildeling og oppfølging av tenestene er forsvarleg. Tilsynet avdekte følgjande avvik:

- Samnanger kommune har ikkje rutinar for kva som skal kartleggast ved søknader om økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing frå personar mellom 17 og 23 år. Det er ikkje avklart kva som skal dokumenterast ved kartlegginga og ved oppfølging av brukarar.
- Leiinga i kommunen har ikkje etablert eit system for å fange opp og handsame svikt (avvikshandtering) som kan oppstå i arbeidet med tildeling og oppfølging av tenestene opplysning, råd og rettleiing og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år.

KOSTRA-tala viser at Samnanger kommune har hatt ei auke i delen netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp frå 2014 til 2015, og ligg i 2015 over gjennomsnittet til kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå Tabell 11 i vedlegget.

I tabellen underfølgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

⁶ Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med NAV Samnanger kommune, 9.11.s2015.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Internkontroll, kvalitetssikring og fagleg utvikling i pleie- og omsorg	<p>Manglande ressursar i heimetenestene kan gå ut over moglegheitene til å arbeide med utviklingsarbeid og dokumentasjon i tenestene.</p> <p>Dei tilgjengelege ressursane vert nytta til dagleg drift.</p> <p>Heimetenesta og sjukeheimen får brukarar med stadig meir kompliserte sjukdomsbilete.</p> <p>Det er ikkje fagsjukepleiar i PLO-området med ansvar for undervisning, opplæring mv. Det vert også påpeikt at det er noko mangel på sjukepleiarkompetanse i sektoren (bl.a. pga vakante stillingar og sjukemeldingar).</p> <p>Det er manglar i system og rutinar for internkontroll, spesielt i samband med at ein har flytta tilbake i sjukeheimen. Det vert også påpeikt at kommunen har ein veg å gå for å i større grad ta i bruk teknologiske hjelpemiddel i heimetenesta.</p>	<p>Tenestene vert ikkje utvikla og tilstrekkeleg fornya slik ein ynskjer det.</p> <p>Manglande dokumentasjon av internkontrollsystem kan føre til at systema vert personavhengige.</p> <p>Kan gå ut over tenestene til enkelte brukargrupper.</p>		<p>Det er no tilsett assisterande avdelingssjukepleiar ved heimetenestene som kan ta nokre av dei oppgåvene det er utfordringar med å nå.</p> <p>Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av internkontroll i 2015.</p>
Mottak og integrering av flyktningar	<p>Det går fram at det ikkje er tilstrekkelege rutinar knytt til mottak av flyktningar.</p> <p>Det er tilsett ein flyktning-konsulent i kommunen., Det vert opplyst at mottak av flyktningar som har kome til no har fungert bra.</p>	<p>Risiko for at ein ikkje får gjeve eit godt nok tilbod til gruppa.</p>		

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Tildeling og vedtak om helse- og omsorgstenester	<p>Det går fram av undersøkinga at på grunn av ressurs-situasjonen kan det vere utfordrande å få dokumentert vedtak skriftleg til rett tid.</p> <p>Det går fram at det hender at tiltak er iverksett, men ikkje skrive eller fornya.</p> <p>Det vert peika på at det ikkje er tilstrekkelig med rutinar for å følge opp fornying av vedtak.</p> <p>Det er ikkje ei eiga bestillar/forvaltartjeneste i kommunen.</p>	<p>Manglande dokumentasjon av vedtak.</p> <p>Risiko for at det ikkje er tilstrekkeleg skilje mellom handsaming av søknader, tildeling og bestilling av tenester og utføring.</p>		Det vart gjennomført forvaltningsrevisjon av økonomistyring og tenestetildeling i 2011
Rusomsorg og psykisk helse	<p>Det vert i undersøkinga peikt på at det er viktig at kommunen har eit tilstrekkeleg godt tilbod knytt til rus- og psykiatritenester.</p> <p>Det er ei utfordring at det er mange unge med psykiske utfordringar.</p> <p>Det kjem også fram at kommunen kan få utskrivingsklare pasientar frå psykiatrien, og at det naudsynt å samarbeide med andre kommunar om bustadar og oppfølging for denne gruppa.</p>			Det er ei avdeling for psykiatriske tenester under helse-området med 1,8 årsverk. Det vert påpeikt at det er sett inn tilbod om psykiatrisk sjukepleiar i ungdomsskulen, og det er utlyst stilling som psykolog med kontor på helsetunet.
Lege/legevakt	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om kor godt legetenestene og legevaktsordninga fungerer.			Det vert påpeikt at administrasjonen har eit godt samarbeid med legar og den kommunale legevakta, og at legevaktssamarbeidet gjev ei mindre vaktbelastning enn om ein hadde hatt legevakta i kommunen.

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Rehabilitering	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål om det er tilstrekkeleg med re-habiliterings- og fysioterapi-tenester.			Det vert påpeikt i undersøkinga at den nye sjukeheimen har betre fasilitetar for å drive med rehabilitering.
	Det er ein kommune-fysioterapeut i fast stilling som m.a. har faste dagar på sjukeheimen.		●	
	Det vert påpeikt at det er naudsynt å ha meir fokus på dette området på grunn av ansvaret kommunen har fått gjennom samhandlings-reformen.			
Samhandling/ brukar- medverknad	Kommunen har ikkje fått pårørandeutval i gang på sjukeheimen.			
	Det vert også stilt spørsmål om kommunen si koordinerande eining for habiliterings- og re-habiliteringsverksemda har fungert godt nok.		●	

2.5 Samfunn og utvikling

Sektoren for samfunn og utvikling kan delast i to hovudområde: Teknisk forvaltning og drift av kommunal infrastruktur og eigedom som ligg under einingsnivået, og samfunn og utvikling som i større grad vedkjem den overordna utviklinga av kommunen og ligg direkte til rådmannsnivået.

Det går fram av Samnanger kommune sine heimesider at kommunen har eit interkommunalt samarbeid med Bergen kommune om brann- og redningstenester.

2.5.1 Tenesteområdet samfunn og utvikling

Tenesteområdet for samfunn og utvikling er knytt til område som gjeld for alle sektorar. I 2015 har det spesielt vore arbeidd med kommuneleiinga si beredskap, internkontroll og kvalitet- og avvikssystem i alle sektorar.

Det går fram av årsmelding 2015 at sektor for samfunn og utvikling starta arbeidet med å innføre eit kvalitetsstyringssystem. Dette skal gje betre rapporteringar til politisk nivå og til rådmannen, samt handtere avviksrapportering og ROS-vurdering. Det blei også laga ein mal for prosjektstyring, prosjekt og byggerekneskap. Arbeida skal implementerast og bli tatt i bruk i løpet av 2016.

2.5.2 Tekniske drift og forvaltning

Eining for teknisk forvaltning har ansvar for plan-, bygge- og delingssak, samt kart, oppmåling, natur- og miljøforvaltning og brann. Eining for teknisk drift har oppgåver knytt til drift av vassleidningar og vassverk, avløp, veg og eigedom.

I følgje årsmeldinga for 2015 hadde eining for teknisk forvaltning sjukefråvær i sentral stilling det mesta av 2015. Fagkompetansen måtte i denne perioden dekkast inn gjennom andre i



sektoren og ved kjøp av tenester frå andre. I intervju blir det stilt spørsmål ved om Samnanger har god og robust nok kompetanse i kommunen til å ivareta tenestene knytt til plan og bygg. Det blir ytra ønskje om ein forvaltningsrevisjon av prosjektstyring innan byggeprosjekt, samt innblikk i korleis ein forvaltar plan og bygg i kommunen.




Årsmeldinga for 2015 og budsjettforslaget for 2016 viser at Samnanger har utfordringar knytt til etterslep på vedlikehald av vegar med 13 millionar kroner, og kommunale eigedomar med 18 millionar kroner. Eining for teknisk drift har utarbeidd ein rapport om behovet for vegvedlikehald dei neste åra. Samstundes blir det peika på at det er naudsynt å utarbeide retningslinjer for kva vegar som er kommunen sine stamvegar, og kven av dei skal ha høgast prioritet når det gjeld vedlikehald, veglys og brøyting. Ei omklassifisering av ei rekke kommunale vegar blir difor naudsynt dersom dei økonomiske ramma for vegvedlikehald ikkje blir auka.

Det går fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune har høgare netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015. Samnanger har også høgare netto driftsutgifter til bygge-, dele-sakshandsaming og seksjonering som del av kommunen sine netto driftsutgifter, samt del driftsutgifter til plansakshandsaming av totale driftsutgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging, samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i same periode. KOSTRA-tala viser vidare at Samnanger kommune i 2013 og i 2015 hadde ein større del søknadar om tiltak der kommunen har overskride lovpålagt sakshandsamingstis samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. I 2015 skjedde ei markant auke i gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesakar med 12 vekers frist, og Samnanger ligg over gjennomsnittet for landet utan Oslo dette året. Når det gjeld gjennomsnittleg sakshandsamingstid for oppretting av grunneigedom ligg Samnanger over gjennomsnittet for landet utan Oslo i perioden 2015. Sjå Tabell 5 i vedlegget.

Når det gjeld området for avfall og renovasjon går det fram av KOSTRA-tala at Samnanger kommune i 2014 og 2015 leverte ein lågare del til materialgjenvinning, biologisk handsaming og energiutnytting samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Frå 2013-2015 leverte Samnanger ein lågare del til materialgjenvinning inklusiv biologisk handsaming samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Sjå tabell 6 i vedlegget.

I tabellen underfølgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Plan- og byggjesak	Manglande bemanning Ikkje tilstrekkeleg kompetanse på alle felt. Det vert også stilt spørsmål om ein er flinke nok til å gjere kvalitetssikring av vedtak innanfor plan- og byggområdet.	Utfordrande å nå fristar Fare for feil i sakshandsaming		
Vedlikehald	Manglande ressursar.	Auka vedlikehaldsetterslep. Dyrare drift på sikt. Manglande vedtaksoppfølging og måloppnåing for kommunestyret sine vedtak om vegvedlikehald.		

Risiko-område	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Prosjektstyring	Manglande bemanning i prosjektgjennomføring.	Innleige av konsulenttenester Auka kostnader		
	Det går fram av undersøkinga at det er utarbeidd ein prosjektstyringsmal, men at denne enno ikkje er teke i bruk.	Risiko for forseinkingar i prosjektgjennomføring		
Eigedomsforvaltning	Det vert i undersøkinga stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg oversikt over eigarskap, og om kommunen ved kjøp og sal av eigedom oppnår gode nok prisar.	Økonomisk risiko.		
Sjølvs-kost	Det går fram at det kan vere hensiktsmessig å gå gjennom korleis kommunen handterer sjølvs-kostberekningar knytt til vatn og avlaup	Risiko for feil i gebyr. Økonomisk risiko.		

3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt

På bakgrunn av dei analyser og risikovurderingar som er gjennomført er det identifisert fleire område som etter Deloitte si meining kan representere ein risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Samnanger kommune. Kontrollutvalet kan også vurdere andre oppfølgingstiltak for område som ikkje blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Forslaga dannar grunnlaget for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Endeleg prioriteringsliste vil framkomme i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020.

3.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (●)

Prosjekt	Nøkkelpunkt for revisjonen
1. Forvaltningsrevisjon av innkjøp	<ul style="list-style-type: none">• Organisering og kompetanse• Rutinar• Regeletterleving
2. Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none">• Styringsystem for informasjonstryggleik• Opplæring og kompetanse• Handsaming av personopplysningar
3. Forvaltningsrevisjon av personalforvaltning	<ul style="list-style-type: none">• Rekruttering• Kompetanseplanar• System og rutinar
4. Forvaltningsrevisjon av system for løn og lønsutbetaling	<ul style="list-style-type: none">• Integrasjon mellom ressursplanlegging og lønssystem• Rutinar knytt til løn og lønsutbetaling• Kontrollrutinar
5. Forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">• Tilpassing av den ordinære undervisninga• Samhandling mellom PPT og skule• Vedtak om spesialundervisning
6. Forvaltningsrevisjon av kvalitetsarbeid og fagleg utvikling innan pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none">• Internkontroll/kvalitetssystem• Bruk av teknologi• Kompetanseutvikling
7. Forvaltningsrevisjon av tildeling og vedtak om helse- og omsorgstenester	<ul style="list-style-type: none">• Sakshandsaming• System og rutinar
8. Forvaltningsrevisjon av plan- og byggjesak	<ul style="list-style-type: none">• Sakshandsaming• Fristar• System og rutinar
9. Forvaltningsrevisjon av vedlikehald	<ul style="list-style-type: none">• Retningslinjer og system• Inneklima/fysisk miljø• Kontroll og oppfølging

3.2 Prosjekt kategorisert med middels risiko (●)

Prosjekt	
1.	Forvaltningsrevisjon av IKT-løysingar og kommunikasjon med innbyggjarar
2.	Forvaltningsrevisjon av offentlegheit og arkivering
3.	Forvaltningsrevisjon av økonomistyring
4.	Forvaltningsrevisjon av HMT
5.	Forvaltningsrevisjon av habilitet
6.	Forvaltningsrevisjon av sjukefråvere
7.	Forvaltningsrevisjon av arbeidet i kultursektoren
8.	Forvaltningsrevisjon av beredskapsarbeid i barnehagar og skular
9.	Forvaltningsrevisjon av arbeidet mot mobbing
10.	Forvaltningsrevisjon av kompetanseutvikling i barnehage og skule
11.	Forvaltningsrevisjon av barnevern
12.	Forvaltningsrevisjon av mottak og integrering av flyktningar
13.	Forvaltningsrevisjon av rusomsorg og psykisk helse
14.	Forvaltningsrevisjon av rehabilitering og brukarmedverknad
15.	Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring
16.	Forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltning
17.	Forvaltningsrevisjon av sjølvkost

4. Tidlegare forvaltningsrevisjonar

4.1 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar

- Klage på sakshandsaming (2015) (notat)
- Internkontroll og organisering (2014-2015)
- Tenestetildeling og økonomistyring innan pleie og omsorg (2011)

Vedlegg: Statistikk

Tabell 2: Behovsprofil. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Folkemengden i alt	2436	2443	2443
Andel 0 åringer	1,1	1,5	1,1	1	1	1	1,1	1,1	1,1
Andel 1-5 år	6,3	5,9	6	5,4	5,3	5,2	6,1	6	5,9
Andel 6-15 år	11,9	11,5	11,9	12,1	11,9	11,9	12,4	12,4	12,3
Andel 16-18 år	3,9	4,1	3,6	4,1	4	3,9	4	4	3,9
Andel 19-24 år	6,6	6,3	6,6	7,7	7,7	7,6	7,9	7,9	7,8
Andel 25-66 år	54,4	54,2	54,2	53,1	52,9	52,9	54,2	54,2	54,1
Andel 67-79 år	9,6	10,3	11	11,2	11,7	12,1	9,7	10,1	10,5
Andel 80 år og over	6,2	6,2	5,6	5,6	5,6	5,5	4,4	4,4	4,4
Andel skilte og separerte 16-66 år	6,7	6,6	6,8	9,9	9,9	9,8	11	11	10,9
Andel uførepensjonister 16-66 år	10,6	10,1	10,1	11,2	10,9	10,8	9,3	9,4	9,4
Andel enslige innbyggere 80 år og over	68,4	67,8	68,8	67,4	66,7	66,2	64,8	64,4	63,9
Forventet levealder ved fødsel, kvinner	84	84	84	82,8	82,8	82,8	82,9	82,9	82,9
Forventet levealder ved fødsel, menn	79	79	79	78,1	78,1	78,1	78,4	78,4	78,4
Innflytting per 1000 innbyggere	40,6	47,1	47,1	50,2	49,9	52,1	59,2	58,1	58,5
Utflytting per 1000 innbyggere	43,9	48,3	43,8	46,1	45,8	48,3	51,4	51,3	53
Andel innvandrerbefolkning	7,1	7,4	8,2	9,3	9,9	10,7	12,6	13,2	13,9
Andel innvandrerbefolkning 0-5 år	5	5	10,5	11,1	11,9	13,9	14,4	15,5	16,8
Andel innvandrerbefolkning 1-5 år	3,9	5,6	8,9	10,9	11,7	13,3	14	15,2	16,5
Andel innvandrerbefolkning 0-16 år	7,3	6,8	8	9	9,7	11	12,3	13,1	14,2
Andel av befolkningen som bor i tettsteder	44,5	44,2	44,3	50,8	51,3	51,5	76,7	77,1	77,5
Gjennomsnittlig reisetid til kommunesenteret i minutter	4,8	4,8	5,7	9,4	9,2	9,4	7,3	7,3	7,4
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-29 år	1,2	2,6	..	2,3	2,4	0	2,3	2,2	0
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 30-74 år	0,8	1,3	..	1,5	1,4	..	1,6	1,6	..
Andel av befolkningen 20 - 66 år som pendler ut av bostedskommunen	49,3	50,8	48,3	21,5	21,7	20,6	29,3	29,7	28,6

Tabell 3: Finansielle nøkkeltall, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,7	-2,4	-1	4	1,4	2	2,1	0,7	2,5
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,6	-1,7	-0,4	3,8	1,7	2,9	2,7	1,2	2,9
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	68,4	71,9	107,7	70,9	74,6	78,6	76	80	81,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	191,4	204,4	243,6	213,3	226,6	230,5	208,6	217,7	217,6
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt) i % av brutto driftsinntekter, konsern	29,5	29	31	23,6	23,8	24,4	32,9	32,5	32,9
Statlig rammeoverføring i % av brutto driftsinntekter, konsern	38,3	40,3	39,6	33,7	34,8	33,7	32,8	33,7	32,6
Andre statlige tilskudd til driftsformål i % av brutto driftsinntekter, konsern	1,1	1,1	0,8	3	3,3	3,4	2,9	3,2	3,4
Eiendomsskatt i % av brutto driftsinntekter, konsern	6,3	6,2	8,2	6,7	6,9	7	2,8	2,9	3,2
Salgs- og leieinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	9,2	10,1	10,4	14,2	13,6	15,3	14,3	14,3	14,6
Andre driftsinntekter i % av brutto driftsinntekter, konsern	13,4	11,3	12,6	17,8	15,6	17,4	14,1	13,1	14,9
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	78913	83101	82885	92584	95514	97545	70567	72912	74146

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger, konsern	64659	66917	67747	77214	78955	81484	57119	58647	60513
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger, konsern	80310	81185	82048	96479	96918	99583	72115	73405	76050
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	54478	56212	57921	55322	56740	57824	47415	48612	49776
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	54945	58353	88338	68400	72294	78312	54837	58744	62112

Tabell 4: Kommunal næringsforvaltning, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	-0,8	-0,3	-0,4	-0,4	-0,9	-0,5	0,1	0,1	0,1
Netto driftsutgifter til kommunal næringsvirksomhet i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	-3	0	0	-4	-1	0	-1	0	0
Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Nto driftutg. til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr. innb. (kr), konsern	-461	-206	-238	-244	-545	-323	62	49	70
Nto driftutg. til kommunal næringsvirksomhet pr. innb. (kr), konsern	-1775	-32	-60	2352	-556	-174	-287	-125	-100
Nto driftutg. til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling pr. innb. (kr), konsern	205	191	251	284	292	294	108	115	114

Tabell 5: Plansak, byggesak og oppmåling, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	1,86	1,76	1,66	1,26	1,21	1,14	1,07	1,18	1,13
Brutto investeringsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø per innbygger.	53	25	0	371	151	236	250	268	342
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger.	997	998	994	453	441	429	293	340	312
Alder for kommunal planstrategi	1	2	0	2	2	3	11	2	3
Alder for kommuneplanens arealdel	6	7	7	8	6	8	6	6	6
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	7	8	8	7	6	6	6	5	4
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering som andel av kommunens samlede netto driftsutgifter	0,15	0,13	0,25	0,06	0,08	0,08	0,02	0,04	0,02
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering per innbygger.	90	80	161	39	53	54	9	19	9
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger.	67	96	105	141	131	102	89	98	85
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger.	71	42	63	151	172	133	75	89	92
Andel av dette lønnsutgifter.	67	69	75	57	60	58	65	66	65
Andel driftsutg. til plansaksbehandling av totale driftsutg. til fysisk tilrettelegging og planlegging.	58	60	56	32	32	30	35	37	37
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål. jf. PBL-08 § 33-1.	29450	30300	24960	51637	51630	58466
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	15000	10000	10300	225946	10274	11055	12071
Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2.	11900	12250	12620	413128	14715	15433	15990
Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist. Kalenderdager	21	14	72	36	38	39
Andel søkn. om tiltak der komm. har overskredet lovpålagt saksbehandlingstid	32	1	20	8	8	8	7
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	70	63	72	67	57	51
Andel av leke- og rekreasjonsarealer innenfor tettsteder som er under kommunalt driftsansvar.	3	46	..	46	58	..
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	33	33	8	254	220	170	60	53	45
Antall innvilgede disp. for nye bygninger i strandsonen per 100 km kystlinje	0	9	0	0	1	1	1
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	..	71	0	91	81	85	83
Andel erstatningsbygg av nybygg i 100-m-beltet langs sjø innv. v/disp. Prosent	..	0	..	29	25	20	17

Andel innv. disp.søkn. om nybygg i LNFR-omr. m byggeforb. v. ferskvann. Prosent	100	100	..	100	89	85	87
Andel av disp.søknader for nybygg i LNFR-områder som ble innvilget. Prosent	100	..	100	95	90	83	89
Andel av behandlede detaljreguleringsplaner som var private forslag. Prosent	0	0	..	52	77	67	69	71	73
Andel av kommune(del)planer areal det er fremmet innsigelse til. Prosent	100	..	33	60	58	48
Andel reguleringspl. (område og detalj) det er fremmet innsigelse til. Prosent	0	0	..	29	10	15	36	21	24

Tabell 6: Avfall og renovasjon, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Finansiell dekningsgrad - avfall	102	96	97	94	92	94	97	92	90
Selvkostgrad	100	100	100	-806	99	99	31	99	99
Antall muligheter abonnenten har til å påvirke gebyret	5	5	3	9	2	6	4	3	5
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1982	1874	1700	2800	2860	2701	2595	2645	2616
Husholdningsavfall per årsinnbygger (kommune)	403	420	422
Andel levert til materialgjenvinning, biologisk behandling og energiutnyttelse	83	78	78	81	80	81	84	82	82
Andel levert til materialgjenvinning inklusiv biologisk behandling	27	24	24	31	30	30	39	37	38
Andel levert til forbrenning	73	71	70	65	66	66	57	58	58
Andel levert til deponi	1	1	1	1	1	1
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	156	156	156	63	52	52	71	70	71

Tabell 7: Avløp, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste	44,6	45,3	45,3	82	82,4	82,2
Andel av husholdningsabonentene på avløp som har installert vannmåler	9	9	9
Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	1136	1137	1192	1568	1600	1697
Gebyrgrunnlag per innbygger tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	1179	1208	1179	1549	1681	1664
Driftsutgifter per innb. tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	915	933	920	1083	1204	1190
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2337	2430	2503	3503	3637	3513	3557	3655	3784
Årsgebyr for septiktømming - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1812	934	934	1360	1351	1350	1371	1384	1451
Andel innbyggere tilknyttet anlegg med mekanisk, biologisk, naturbasert el. annet renseprinsipp	100	100	100	28,6	29,1	26,8

Tabell 8: Vatn, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	58,8	58,7	58,7	82,6	83,1	82,7
Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	3024	3135	3464	1341	1363	1432
Gebyrgrunnlag per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	2837	2762	2816	1340	1359	1373
Gebyrgrunnlag per m3 (vannleveranse) (kr/m3)	39,47	14,22	14,2	7,49	7,79	8,05
Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	1327	1217	1376	941	964	987
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	7034	7210	7210	3573	3542	3549	3217	3317	3381
Tilknytningsgebyr vann - én sats (gjelder rapporteringsåret+1)	11277	11615	11615
Andel kommunale vannverk som har utført beredskapsøvelse siste år	0	0	28,4	30,7
Andel kommunale vannverk som har oppdatert beredskapsplan siste år	100	100	100	44,9	51,3
Estimert vannlekkasje per meter ledning per år (m3/m/år)	0,5	2,1	2,4	5,1	4,8	4,2
Estimert gjennomsnittlig husholdningsforbruk per tilknyttet innbygger (l/pers/døgn)	98	250	255	212	211	214

Tabell 9: Helsetenester, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
--	-----------	--	--	-----------------------	--	--	------------------	--	--

	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	3498	3592	3632	3578	3813	3855	2161	2318	2383
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	5,7	5,7	5,5	5,8	5,9	5,9	4,3	4,5	4,6
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år, konsern	5550	5839	6593	8612	9867	9738	6888	7531	7907
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år, konsern	1627	1703	1841	2178	2477	2450	1894	2057	2137
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger, konsern	30	65	102	173	182	205	150	162	171
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, konsern	3058	3096	3066	2856	3014	3047	1512	1620	1659
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,1	11,1	11,1	13,8	13,7	13,8	10,2	10,4	10,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,2	8,8	8,2	10,4	10,3	10,2	8,9	9	9,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	89	94	92	91	90	96	85	86	89
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse innen utg. av 8. leveuke	74	86	81	103	102	103	99	99	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	114	117	81	99	98	97	96	99	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	100	92	100	96	102	96	94	97	97
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	84	99	114	107	100	102	92	95	98
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,4	0,45	0,49	0,45	0,47	0,49	0,47	0,5	0,54
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,21	0,3	0,26	0,32	0,36	0,36	0,37	0,37	0,38
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	4,1	4,1	4,1	3,7	3,8	4,2	3,3	3,5	3,6
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	5,7	4,7	4,9	6,3	5,6	5,5	4,5	4,5	4,5
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	13,9	13	13,1	15,3	14,9	15,3	11,5	11,8	11,9
Gjennomsnittlig listelengde	528	522	524	794	786	779	1125	1108	1102
Reservekapasitet fastlege	138	140	140	112	112	112	105	105	105
Andel kvinnelige leger	25	25	25	35	38	42	39	40	41

Tabell 10: Pleie og omsorg, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	34,2	35,2	34,9	33,4	34,4	32,6	30,7	31,5	30,9
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	59,2	61,5	59,8	50,7	49,6	49,7	45	44,7	44,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	20962	22297	22914	20750	22046	21229	15524	16385	16198
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	335941	358368	405652	371420	396107	386770	349350	372269	371181
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	131946	135166	137543	123770	128017	120813	109799	113092	109342
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning	73	76	:	75	77	:	75	75	:
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste	5,9	7,9	:	8,1	8,4	:	8,6	8,9	:
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 0-66 år	15	14	20	23	23	24	20	20	21
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 67-79 år.	34	28	86	93	91	89	72	69	68
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	336	270	312	401	384	383	339	334	328
Plasser i institusjon i prosent av mottakere av pleie- og omsorgstjenester	23,9	33,3	20,2	19	19,2	18,4	17,9	17,8	17,4
Andel beboere på institusjon under 67 år	7,6	7,8	6,1	10,7	11,1	11,1
Andel beboere i institusjoner 80 år og over	75	69,2	70,8	73,7	75	74,4	71,2	70,5	69,7
Andel innbyggere 67 år og over som er beboere på institusjon	5,4	4,5	4,2	6,5	6,3	6,1	5,3	5,1	5
Andel innbyggere 67-79 år som er beboere på institusjon	2	1,7	1,8	1,6	1,5	1,5

Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	13,8	11,8	12,3	15,7	15,8	15,5	13,5	13,4	13,2
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	94	74	86,9	96,8	94,2	97	96,9	96,9	97,5
Andel plasser avsatt til tidsbegrenset opphold	11,1	11,1	25,9	19,8	18,5	20	18,7	19,5	19,1
Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	22,2	22,2	22,2	28,1	27,3	29,8	23,9	24,5	26,3
Andel plasser avsatt til rehabilitering/habilitering	7,4	7,4	18,5	8,4	7,1	8,6	7,9	7,7	7,9
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,4	0,45	0,49	0,45	0,47	0,49	0,47	0,5	0,54
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,21	0,3	0,26	0,32	0,36	0,36	0,37	0,37	0,38
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	33,3	33,3	93,7	91,1	93	93,7	94,8	94,7
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	48,1	33,3	33,3	86,2	81,8	84,2	82	84	84,5
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon, konsern	3671	3756	4302	3023	3251	3261	2927	3110	3119
Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser	100	100	100	95,2	93,7	91,3	92,9	93	92,1
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	11,7	12,3	14,3	13,2	13,7	14,2
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over	10,3	10,9	11,1	12,1	12,7	12,7
Andel brukere (ekskl. langtidsbeboere på institusjon) med individuell plan	9,9	7,3	6,5	9,7	9,7	9,4	11,2	11,4	10,3
Andel av brukere (%) med noe/avgrenset bistandsbehov	42,7	35,1	33,6	44,2	44,5	44,1	43,9	43,6	43,4
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	27,9	34,2	29,6	24,2	24,8	24,5	23,8	24,2	24,3

Tabell 11: Sosiale tenester, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern	1335	1368	1152	1400	1515	1624	1812	1907	1966
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	2,2	2,2	1,8	2,3	2,4	2,5	3,6	3,7	3,8
Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid, konsern	55,9	61,6	46,1	44,5	45,5	50,6	37,5	37,7	37,5
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp, konsern	44,1	38,4	53,9	50,5	51,2	46,2	48,2	49,9	49,8
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer, konsern	0	0	0	5	3,2	3,2	14,3	12,5	12,6
Sosialhjelpsmottakere	49	49	42	:	:	..	257	266	269
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	3,4	3,4	2,9	:	:	..	4	4,1	4,2
Korrigerte driftsutgifter til sosialtjenesten pr. mottaker, konsern	30796	34429	31810	:	:	..	38294	40318	40931
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	5356	5400	6564
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	42,9	40,8	40,5	:	:	..	44,8	45,5	46,5

Tabell 12: Bustad, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til kommunalt disponerte boliger per innbygger i kr, konsern	-251	-111	-40	-67	-16	-43	-126	-153	-131
Netto driftsutgifter til boligformål pr innbygger i kroner, konsern	-295,6	66,7	63	16,6	-57,5	29,5	-63	71,8	36,9
Kommunalt eide boliger som andel av totalt antall kommunalt disp. boliger	61	53	54	84	81	84	78	77	76
Andel kommunale boliger som er tilgjengelige for rullestolbrukere	29	31	31	62	60	62	51	52	52
Antall søknader per 1000 innbyggere	1	3	2	9	7	8	7	7	7
Antall nye søknader per 1000 innbyggere	1	2	2	7	6	6	5	5	5
Andelen nye søknader	100	62	100	77	79	81	74	75	74
Andel søkere som har fått avslag på kommunal bolig	0	50	0	31	28	26	29	28	29
Andel nye søkere som har fått avslag på kommunal bolig	0	20	0	35	28	26	31	29	30

Andel nyinnflyttede flyktninger	:	:	:	15	20	24	18	21	26
Andel nyinnflyttede med behov for tilrettelagt bolig	:	:	:	33	43	36	38	39	37
Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser	:	:	:	10	6	4	9	9	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmissbrukere	:	:	:	6	3	4	9	8	6
Andel husstander med barn midlertidige botilbud	0	14	16	15	6	6	7

Tabell 13: Psykisk helse- og rusarbeid, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutg. til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innb. 18-66 år, konsern	0	0	0	113	79	83	408	375	393
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	5,7	4,7	4,9	6,3	5,6	5,5	4,5	4,5	4,5
Brutto driftsutgifter til personer med rusproblemer per innbygger 18-66 år	0	0	0	165	147	175	450	483	505
Andel nyinnflyttede med psykiske lidelser	:	:	:	10	6	4	9	9	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmissbrukere	:	:	:	6	3	4	9	8	6
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år	0	0	0	4,6	2,7	4,6	4,6	4	4

Tabell 14: Barnehage, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	14,2	13,6	12,7	11	11,3	11	14,4	14,9	14,7
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	138745	147538	139425	126474	137333	137861	118763	128637	130606
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	84,3	85,3	82,9	90,4	91	89,8	90,8	90,9	91
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	76	77,9	77,7	73,4	72,9	72,3	50,4	50,1	49,6
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	34,7	35,4	36,7	31,5	32,2	34,6	34,1	35	36,4
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	100	100	94,4	85	88	91,6	88,4	90,9	92,6
Andel styrere med annen pedagogisk utdanning	0	9,8	8,1	7,6	6,5	6,2	5,4
Andel pedagogiske ledere med annen pedagogisk utdanning	8,3	..	7,7	3,2	3	2,8	4,1	3,7	2,8
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	..	4,1	9,9	..	13,6	14,7	..	15,3	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager	..	5,3	10,6	..	14,8	16,2	..	18,5	19,8
Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager (m2)	11,8	12,2	12,3	7,1	7,3	7,3	5,7	5,8	5,8
Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager (m2)	5,6	6,4	6,4	4,3	4,3	4,2	5,1	5,1	5,2

Tabell 15: Grunnskule, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	24	24,5	23,5	24,1	24,2	23,9	24,2	24	24,1
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	14671	15512	15440	14975	15523	15535	12233	12484	12617
Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	98,6	99,9	96,8	99,3	99,2	98,5	96,9	96,4	96
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	3,6	3,2	2,8	4,3	4,2	3,9	5,7	5,5	5,3
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring	2,5	2,1	1,8	1,6	1,6	1	2,7	2,5	2,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	11,7	11,4	9,9	11,1	10,5	10,1	8,4	8,1	7,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	8,3	5,7	7,5	7,4	7,1	6,8	5,5	5,2	5,2

Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	8,5	15,2	11,1	13,2	12,4	12	9,7	9,5	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	18,9	16,7	12,8	13,6	12,9	12,2	10,8	10,5	10,3
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	39,5	35,8	45,7	49,7	48	48	61,8	60,9	60
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	11,1	12	11,2	10,7	10,4	10,4	13,5	13,6	13,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	12,4	12,1	12,2	10,3	10	10,1	13,3	13,3	13,2
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	10,7	11,2	10,2	9,9	9,6	9,8	12,9	13	13
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	10,3	12,7	10,9	11,7	11,5	11,2	14,3	14,3	14,1
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	100	100	100	98,7	98,2	98,5	98	98,1	98,1
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	39,7	42,9	41,2	40	40,3	40,7
Andel lærere som er 60 år og eldre	9,3	8,2	9,6	12,9	13,5	13,3	12,2	12,4	12
Andel lærere i heltidsstilling	39,5	32,7	34,6	60,1	60	64,4	62,2	62,9	69,2
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning	86	69,4	75	84,5	85,1	84,8	87,1	87,8	87

Tabell 16: Vaksenopplæring, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring (213), i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	0	-0,1	0	0,1	0,2	0,2	0,3	0,4	0,4
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring (213), per innbygger, konsern	-14	-38	28	52	105	127	163	204	206

Tabell 17: Kultur, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern	2,6	2,3	2,6	3,9	4,2	4,4	3,7	3,8	3,8
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner, konsern	1564	1476	1687	2428	2721	2849	1886	1991	1991
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-20 år, konsern	696	442	421	879	883	836	861	881	826
Tilskudd til frivillige barne- og ungdomsforeninger per lag som mottar tilskudd, konsern	12400	18000	12333	12088	11985	8405	22301	25072	27049
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	13	11	4	740	735	755	13999	13750	13049
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd	10385	11818	18750	23155	22598	24586	33380	35660	38473
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	0,6	0,7	0,7	0,8	0,8	0,8	0,6	0,6	0,5
Netto driftsutgifter til kommunale kultur- og musikkskoler per innbygger, konsern	387	422	429	496	504	502	288	302	287
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år, konsern	3260	3669	3601	4117	4232	4234	2317	2444	2322
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker, konsern	13593	13303	18857	15813	18101	18476	16194	17485	17747
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	31	24,2	22,9	26,9	23,7	24	15,5	14,5	14,3
Andel barn i grunnskolealder som står på venteliste til kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	0	0	0

Tabell 18: Barnevern, Samnanger kommune. Kjelde: KOSTRA.

	Samnanger			Snitt kommunegruppe 3			Landet uten Oslo		
	2013	2014	2015	2013	2014	2015	2013	2014	2015
Netto driftsutgifter til sammen per innbygger, konsern	2014	1854	2452	1958	2006	2109	1607	1759	1825
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	9222	8645	11366	9283	9670	10208	7192	7965	8331
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244), konsern	28,6	26,7	15,6	30,5	30,3	31,4	32,4	32	30,8
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251), konsern	21,9	6,4	6,5	17,2	15,7	12,8	13	12,1	11,5

Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252), konsern	49,5	66,9	77,9	52,3	54,1	55,8	54,6	55,8	57,7
Barn med melding ift. antall innbyggere 0-17 år	3,2	3,6	1,5	:	:	:	4,1	4,1	4,3
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	4,1	2,9	2,1	:	:	:	4,1	4,3	4,4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,1	5,5	5,9	:	:	:	4,8	4,8	4,8
Andel meldinger med behandlingstid innen 7 dager	100	100	100	:	:	:	98	98	98
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	62	100	100	66	69	76	73	78	82
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	77	89	100	:	:	:	78	82	86
Andel meldinger som går til undersøkelse	59,1	78,9	87,5	:	:	:	78,9	79,4	79,6
Andel undersøkelser som førte til tiltak	41,7	72,7	55,6	:	:	:	43,4	44,3	42,8
Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	:	88,9	100	:	:	:	74,8	78,8	82,8
Andel barn med omsorgsplan av barn under omsorg	:	90	100	:	:	:	85,4	88,4	91,4
Stillinger med fagutdanning av alle fag- og tiltaksstillinger	100	100	100	97	99	98	98	98	99

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2015/65-15
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	46/16	14.11.2016

Plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020

Bakgrunn

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyder slik:

” Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2016 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2016 - 2020
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 25.11.2015 i sak PS 43/15:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 15.01.16 lage eit forslag til prosjektplan som bl.a. inneheld korleis arbeidet med analyse og plan for selskapskontroll skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar for selskapa i Samnanger kommune skal gjennomførast.
 - b. Forslag til korleis arbeidet med plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i 2016.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret hausten 2016.

I kontrollutvalet sitt neste møte 23.02.2016 vart det gjort slikt vedtak:

1. Prosjektplan for analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Prosess

Prosessarbeidet med plan for selskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Det har vore gjennomført innsamling av data / dokumentanalyse, elektronisk spørjeundersøking, Intervju med administrative og politiske leiarar, for å kartlegga risikoforhold i høve til relevante selskap og område for selskapskontroll.

Overordna analyse er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av selskapskontroll i Samnanger kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 20.04.2016 vart det sett fokus på risiko og vesentlighetsvurderingar. Analysegrunnlag for plan for selskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 15.09.2016 I dette møtet vart det og gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste prosjekta innan selskapskontroll.

Det føreligg no utkast til plan for selskapskontroll. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og planutkastet skal vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Drøfting

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2016 – 2020. I forslaget til plan har Deloitte skildra kva selskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra.

Den førre planen for selskapskontroll i Samnanger kommune blei utarbeidd i 2012, og skulle gjelda for perioden 2012 - 2016. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik forskrift om kontrollutval opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare vart det gjennomført ei evaluering av planen i 2014 som resulterte i ein revidert plan som skulle gjelde for resten av perioden.

Planen har oversikt over dei selskap som Samnanger kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen og relevante elektroniske kjelder. Selskapa blir presentert i to tabellar, den første tabellen, punkt 2.1, inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og / eller fylkeskommunar ev. dotterselskap av desse). Desse selskapa har kommunen full innsynsrett i og kontrollutvalet kan gjennomføra selskapskontrollar i slike selskap.

Den andre tabellen, punkt 2.2, inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eller statlege eigardelar o.l. I desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett enn dei andre aksjonæranne. Kommunen kan likevel gjennomføra avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, og om rapportering frå selskapet samsvarar med retningslinjer og liknande.

Når det i kommunal regi vert ytt tilskot / gjort vedtak om løyving til kjøp av aksjar / eigardelar i selskap, stønad til stiftingar og aksjeselskap, eller organisasjonar / aktivitetar får stønad, bør det takast atterhald om kontroll med slike ytingar. Kommunestyret i Samnanger kommune har gjort vedtak om standard atterhald i slike saker i møte 18.12.13. Vedtaket lyder:

1. «Kommunestyret vedtek at det skal innarbeidast standard atterhald om kontroll der det av kommunale midlar vert ytt nye tilskot til:
 - a. Kjøp av aksjar og andre eigardelar i selskap
 - b. Stiftingar

c. Organisasjonar, aktivitetar og liknande.

2. *I slikt døme skal det takast atterhald om høve for kommunen og kommunen sin revisor til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Kommunen og kommunen sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn naudsunt for sin kontroll.»*

Dersom det ikkje kjem forslag om noko anna, gjeld denne prosedyren vidare. Prinsippet må ikkje vedtakast på nytt.

Konklusjon

Sekretariatet meiner utkast til plan, der det er prioritert prosjekt for selskapskontroll i planperioden, er eigna som grunnlag for kontrollutvalet si handsaming av saka.

Forslag til innstilling

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2015 – 2019, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020
- Analysegrunnlag plan for selskapskontroll perioden 2016 - 2020

Samnanger kommune Plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Oktober 2016

Innhold

1	Innleiing	5
1.1	Krav til selskapskontroll	5
1.2	Plan for selskapskontroll	5
1.3	Former for selskapskontroll	6
1.4	Risiko- og vesentleganalyse	6
2	Oversikt over selskap	8
2.1	Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80	8
2.2	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80	9
3	Selskapskontroll 2016-2020	10
4	Gjennomføring av selskapskontroll	11
4.1	Framgangsmåte	11
4.2	Gjennomføring og rapportering	11

1 Innleiing

1.1 Krav til selskapskontroll

Ifølgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

1.2 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorar og med de ulike selskapene. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det går fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar
- heileigde dotterselskap til slike selskap

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret også omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under kommunelova § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

1.3 Former for selskapskontroll

Det er to former for selskapskontroll: obligatorisk eigarskapskontroll og valfri forvaltningsrevisjon.

1.3.1 Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll omfattar berre kommunen si eigarskapsforvaltning, og krev ikkje innsyn i enkeltvise selskap. Slike selskapskontrollar kan anten omfatte kommunen si oppfølging av heile eigarskapsporteføljen eller kommunen si eigarskapsoppfølging av enkeltvise selskap. Eigarkontrollen kan for eksempel omfatte:

- kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
- kontroll av at eigarskapa er føremålstenlege i forhold til føremål og type verksemd
- kontroll av val og opplæring av eigarrepresentantar
- kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader



1.3.2 Valfri forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll kan også gjennomførast som ein forvaltningsrevisjon av utvalde selskap. Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom vurdering av risiko og vesentlegheit tilseier det. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein forvaltningsrevisjon av eit selskap kan for eksempel omfatte:

- kontroll av om selskapet etterlev krav og føringar frå eigarane
- kontroll av om selskapet etterlev krav i relevant regelverk (for eksempel aksjelov/IKS-lov)
- kontroll av om selskapet har tilstrekkeleg system og rutinar for internkontroll
- kontroll av om selskapet har ein forsvarleg økonomi

1.4 Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurderte:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Informasjonen som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Informasjonen som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit analysegrunnlag som ligg til grunn for kontrollutvalet si utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

2 Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap kommunen har eigarskap i. Selskapa blir presenterte i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kjem inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller statlege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i samsvar med eigarane sine intensjonar, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv.

2.1 Oversikt over selskap omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Verksemda sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. 2.	1,97 %
Business Region Bergen	Verksemda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablere tenester, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment. Verksemda har ikkje erverv som føremål. Verksemda skal ikkje dele utbytte.	1,89 %
BIR AS	Verksemda skal eige og forvalte verksemder som skal sørge for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan og etablere innsamling, transport og handsaming av produksjon-, nærings- og farlig avfall. Vidare kan verksemda ta på seg alle oppgåver som naturleg høyrer saman med dei oppgåver som er nemnd i fyrste avsnitt. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar eller delta i andre føretak dersom dette er hensiktsmessig for oppfylle føremålet. Ved framtidige vedtak om avfallshandsamingsmetode og tilhøyrande anlegg vil verkskommunane (aksjeeigarane) vere bestemmande organ i samsvar med plan og bygningslovas regelvek.	0,88 %
Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS	Verksemda sitt føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avløpsstenester. Verksemda skal utføra og formidla tenester og produkt, sånn som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.	0,60 %

2.2 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommuneloven § 80

Selskap	Føremål	Eigardel
Hardanger AKS AS (Tidlegare Storeholmen VTA AS)	Verksemnda endra namn til Hardanger AKS i januar 2015. Verksemnda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, irekna å eiga andre selskap med liknande føremål.	9,09 %
Sandvenhagen Næringsbygg AS (Tidlegare Nordheimsund Industrier AS)	Verksemnda sitt føremål er å eige, investere og drifte fast eigedom, irekna alle investeringar som høyrer til slik verksemd. Selskapet er foretaksregistrert 22.10.2015. Selskapet var tidlegare Norheimsund Industrier AS.	4,68 %
Kommunekraft AS	Verksemnda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.	Eigardel ukjend
Hardangervegen AS	Verksemnda har som føremål å arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest mogeleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonnstunnelen og lang tunnel tin Jondal, og med tilførselsvegar, samt arbeide for ein best mogeleg kopling mot stamvegsnettlet både mot øst og i vest. Verksemnda kan delta i og/eller arbeide saman med andre verksemder med tilsvarande føremål.	10 aksjar

3 Selskapskontroll 2016-2020

Under følger er oversikt over prioriteringa av prosjekt for planperioden. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestillinga.

	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapsforvaltninga	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa• Rutinar for val av styrerepresentantar• Opplæring av styrerepresentantar

Dersom kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein selskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre selskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for selskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for selskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

4 Gjennomføring av selskapskontroll

4.1 Framgangsmåte

Uavhengig av kva form for selskapskontroll som gjennomførast, vil revisjonen følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), så langt dette er praktisk mulig, ettersom det ikkje er utarbeidd ein eigen standard for selskapskontroll.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike selskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka selskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein selskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

4.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein selskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til kommunestyret saman med rapporten.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS

Samnanger kommune

Overordna analyse for plan for selskapskontroll 2016 – 2020



Oktober 2016

«Overordna analyse for plan for
selskapskontroll 2016 - 2020»

Oktober 2016

Dokumentet er utarbeidd for Samnanger
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Overordna analyse og plan for selskapskontroll.....	4
1.2	Metode	5
1.3	Lesarrettleiing.....	6
2	Eigarskap.....	7
2.1	Eigarskapsforvaltning.....	7
2.2	Oversikt over selskap.....	7
2.3	Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80	8
2.4	Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80.....	11
2.5	Gjennomførte selskapskontroller	13
3	Forslag til selskapskontrollar	14

1 Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for selskapskontroll for å føre kontroll med eigarinteressene til kommunen. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for selskapskontroll for 2016-2020.

For at planen skal spegle dei viktigaste områda der det er behov for selskapskontroll, har Deloitte gjennomført ein risiko- og vesentleganalyse (overordna analyse) av eigarskapsforvaltninga til kommunen. I prosessen med den overordna analysen er det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet, administrasjonen og politisk leiing.

Analysen er av ein overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og i spørjeundersøking er berre i nokon grad verifisert av kommunen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan bli følgt opp/undersøkt i ein selskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.1 Overordna analyse og plan for selskapskontroll

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære forvaltninga. Kommunen er pålagt å føre kontroll med sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 14 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet;

...minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Innsynsretten i selskapa som kommunen har eigarskap i er regulert av kommunelova § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap (IKS),
- aksjeselskap kommunen eig aleine eller aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til selskapa nemnd over.

Selskapskontroll kan romme ulike former av kontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnde formane. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll. Dette er ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarskap. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan ein mellom anna vurdere selskapet sin økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut

frå kommunale vedtak og føringar. Overgangen mellom desse to formene for selskapskontroll kan vere glidande. I Kontrollutvalsboka blir dette illustrert med følgende figur. ¹



Risiko- og vesentleganalyse er ein prosess som skal initierast av kontrollutvalet og nyttast som eit verkøy for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll.² Med omsyn til risiko er det særleg desse forholda som bør vurderast:

- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lovar og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte,
- risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnytta
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for selskapskontroll:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentlig eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske teneste til kommunen
6. selskap som er heileigde av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtall) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/ tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

1.2 Metode

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen bygger på ein gjennomgang av kommunen si eigarskapsmelding, selskapa sine nettsider, selskapa sine årsmeldingar, kommunale dokument, kommunen sine nettsider, samt ravninfo.no.

¹ Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) Kontrollutvalsboka.

² Jf, §13 i forskrift om kontrollutval

Innanfor ramma av prosjektet har vi ikkje hatt høve til å gå inn i all dokumentasjon som føreligg knytt til dei ulike selskapa. Dette er dokumentasjon som det kan vere naturleg å gjennomgå ved ein eventuell selskapskontroll.

1.2.2 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Intervjua har omhandla både generelle utfordringar knytt til eigarskapsforvaltninga og eventuelle risikoforhold knytt til selskapa. Vi har gjennomført intervju med rådmann, assisterande rådmann og sektorleiar for helse og omsorg. Av politiske leiarar har vi intervjuet ordførar, varaordførar og gruppeleiarar for KrF, H og Ap.

1.2.3 Elektronisk spørreundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørreundersøking til sektor- og einingsleiarar i kommunen. Spørreundersøkinga blei sendt ut til 16 leiarar og vi fekk svar frå 14 leiarar innan fristen (88 prosent). Det er også sendt ut ei spørreundersøking til elleve hovudtillitsvalte og hovudverneombod, tre personar har svart, noko som utgjør 60 prosent av dei som fekk undersøkinga. I spørreundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

1.2.4 Prosessmøte med kontrollutvalget


Innleiingsvis i prosessen blei det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet kor mellom anna kommunen si eigarskapsforvaltning blei diskutert.

1.3 Lesarrettleiing

Innspela som vi har samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert i dette dokumentet. Dokumentet utgjør eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere selskapskontrollprosjekt. Analyse-dokumentet består av følgjande delar:

I **kapittel 2** presenterer vi den overordna eigarskapsforvaltninga til kommunen og dei enkelte selskapa som kommunen har eigardelar i.

I **kapittel 3** presenterer vi forslag til moglege selskapskontrollar i uprioritert rekkefølge basert på dei risikoar som er identifisert. Utval og prioritering av selskapskontrollar vil framgå av plan for selskapskontroll 2016-2020 som kontrollutvalet vedtar, og som blir lagt fram for kommunestyret. I same kapittel presenterer vi også ei oversikt over gjennomførte selskapskontrollar.



2 Eigarskap

2.1 Eigarskapsforvaltning

Samnanger kommune har ingen eigarskapsmelding. Samnanger kommune har ein avgrensa eigarskapsportefølje og det blir ikkje trekt fram særskilde risikoar til eigarskapa i denne undersøkinga.

2.2 Oversikt over selskap

Oversikta over selskap som er presentert under er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Samnanger kommune sitt rekneskap frå 2015, supplert med informasjon frå RAVN Bedriftsinfo, det enkelte selskapet sine nettsider og informasjon som er komme fram i undersøkinga gjennom intervju og spørjeundersøking.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som kommer inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Samnanger kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre selskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje kjem inn under § 80 i kommunelova. Det inneber at det er innslag av private eller staglege eigardeler. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningsliner mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskeleg med ein selskapskontroll.

2.3 Oversikt over selskap som er omfatta av kommunelova § 80

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS			
Eigardelar 1,97%	<p>Verksemda sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. 2.</p>		
Nøkkelpunkt	<p>Verksemda skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: a) ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv b) utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane c) lokale kurs om arkivfaglege emne d) tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv e) rettleiing om arkivfaglege spørsmål. f) rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv.</p>		
<ul style="list-style-type: none"> • Delt offentleg eigarskap • Samfunnsansvar • Verksemdskritisk teneste • Etikk og omdømme 	<p>Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgaver dette arbeidet skal omfatte.</p>		
	<p>Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.</p>		
	<p>Totalt er det over 30 deltakar kommunar med i det interkommunale samarbeidet.</p>		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital			<i>Ingen rekneskap registrert.</i>
Inntekter			<i>Ingen rekneskap registrert.</i>
Resultat før skatt			<i>Ingen rekneskap registrert.</i>

Business Region Bergen AS

Eigardelar 1,89%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar

Verksemda sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablere tenester, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalde næringssegment. Verksemda har ikkje erverv som føremål. Verksemda skal ikkje dele utbytte.

Verksemda har i tre av dei fem siste åra hatt eit negativ resultat før skatt, og inntektene har i same periode hatt ein jamn minke. Verksemda har i perioden likevel hatt tilfredstillande likviditet og låg grad av gjeldsfinansiering, desse nøkkeltala fortel derfor om stabil drift. Underskot skuldast i stor grad til dels store variasjonar i driftskostnader.

Største eigarar i verksemda er Hordaland Fylkeskommune (35%) og Bergen Kommune (35%). Vidare er ei rekke av andre kommunar i nærområde inne på eigarsida.

Verksemda har eit heileigd dotterselskap, BRB Vekst AS, som også fel innanfor §80.

Det vart gjennomført selskapskontroll av Business Region Bergen i 2014. Byrådet i Bergen har i 2016 varsla at dei ynskjer å avslutte tenestekjøp frå selskapet frå 1.1.2017.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	4 387	3 689	4 960
Inntekter	16 509	18 718	20 463
Resultat før skatt	699	-1 327	-389

BIR AS

Eigardelar 0,88%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemda skal eige og forvalte verksemder som skal sørge for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan og etablere innsamling, transport og handsaming av produksjon-, nærings- og farlig avfall. Vidare kan verksemda ta på seg alle oppgåver som naturleg høyrer saman med dei oppgåver som er nemnd i fyrste avsnitt. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar eller delta i andre føretak dersom dette er hensiktsmessig for oppfylle føremålet. Ved framtidige vedtak om avfallshandsamingsmetode og tilhøyrande anlegg vil verkskommunane (aksjeeigarane) vere bestemmande organ i samsvar med plan og bygningslovas regelverk.

Bergen kommune er største eigar i verksemda med ein eigardel på 80%. I tillegg til Samnanger er det åtte andre kommunar frå regionen inne på eigarsida.

Dei økonomiske talla for verksemda fortel om eit selskap med stabil og solid drift.

BIR AS har følgjande heileigde dotterselskap, som alle fell innanfor §80:

- BIR Bedrift AS
- BIR Privat AS
- BIR Transport AS
- BIR Avfallsenergi AS
- BIR Nett AS
- Fleslandsveien 244 AS
- Møllendalsveien 40 AS
- Conrad Mohrs veg 15 AS
- Møllendalsveien 31 AS

BIR eig og 15,79% av Rekom AS. Rekom er eigd av 56 kommunar og interkommunale selskap og fall innanfor §80. I tillegg eig BIR ein eigardel i BKK Varme (49%). BKK Varme fell utanfor §80.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014 (K)	2013 (K)	2012 (K)
Eigenkapital	277 461	268 067	231 451
Inntekter	677 283	677 889	700 676
Resultat før skatt	33 168	49 204	76 547

Driftsassistansen I Hordaland - Vann Og Avløp IKS

Eigardelar 0,60%

Nøkkelpunkt

- Delt offentlig eigarskap
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemnda sitt føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avløpstenester. Verksemnda skal utføra og formidla tenester og produkt, sånn som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.

Bergen kommune er største eigar i verksemnda med ein eigardel på 61,5%. I tillegg til Samnanger er det 20 andre kommunar frå regionen inne på eigarsida.

Verksemnda har dei to siste åra hatt eit underskot av drifta. Underskotet skuldast variasjonar i driftskostnader. Verksemnda har god likviditet og låg gjeldsbelastning

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	3 087	3 908	4 126
Inntekter	10 628	12 273	11 901
Resultat før skatt	-868	-299	706

2.4 Oversikt over selskap som ikkje er omfatta av kommunelova § 80

Hardanger AKS AS (Tidligere Storholmen VTA AS)

Eigardelar 9,09 %

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane

Verksemnda endra namn til Hardanger AKS i januar 2015.

Verksemnda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, irekna å eiga andre selskap med liknande føremål.

Verksemnda skal ikkje gje aksjonærene økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemnda og koma attføringsverksemnda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

Kvam herad er største eigar i verksemnda saman med Hordaland fylkeskommune (36,40%). Andre eigarar er Kvam Herad og Jondal NFU.

Verksemnda har i tre av ei fem siste åra hatt eit underskot av drifta, og inntektene i perioden har variert stort. I 2014 var det ei kraftig auke i inntekter, men det var ikkje ei like stor auke i resultat. Verksemnda har vidare høg gjeldsgrad og noko lav likviditet.

Det har nyleg vorte gjennomført ein selskapskontroll av HAKS, i regi av Kvam herad og Hordaland fylkeskommune.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	951	546	626
Inntekter	20 321	13 4465	10 171
Resultat før skatt	406	-80	-912

Sandvenhagen Næringsbygg AS (tidlegare Norheimsund Industrier AS)

Eigardelar 4,68%

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Omdøme

Verksemnda sitt føremål er å eige, investere og drifte fast eigedom, irekna alle investeringar som høyrer til slik verksemd. Selskapet er foretaksregistrert 22.10.2015. Selskapet var tidlegare Norheimsund Industrier AS

Andre eigarar i verksemnda er Trond Mohn (49,85 %), Kvam kommune (42,85%) og Jondal kommune (2,60%).

Verksemnda har dei siste fem åra gått med underskot, og har opparbeidd ein negativ eigenkapital på om lag 10 millionar kroner. Underskotet skyldast i hovudsak høge rentekostnader, og verksemnda har dei siste tre åra hatt eit positivt driftsoverskot. Ved utgangen av 2014 hadde verksemnda god likviditet.

Selskapet eig 16 % av ASVO Fusa AS

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	-10 226	-9 102	-6 974
Inntekter	5 069	6 615	47 608
Resultat før skatt	-1 124	-2 128	-1 902

Kommunekraft AS

Eigardelar Ukjend

Nøkkelpunkt

- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsmessig ansvar

Verksemnda sitt føremål er å formidle aksjeeigarane si disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annan verksemd tilknytt slik formidling.

Kommunekraft er eigd av Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (56,88%), 129 kommunar og 8 fylkeskommunar.

Verksemnda har i fleire år hatt solid og stabil drift, men verksemnda hadde eit underskot på om lag 1,2 MNOK i 2015. underskotet skyldas både ei reduksjon i inntektene, samt ei kraftig auke i andre driftskostnader. Verksemnda hadde tilstrekkelig med eigenkapital til å dekke underskotet og har framleis god likviditet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2015	2014	2013
Eigenkapital	1 886	3 170	2 752
Inntekter	1 714	2 686	2 849
Resultat før skatt	-1 283	571	252

Hardangervegen AS

Eigardelar 10 aksjar

Nøkkelpunkt

- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar
- Omdøme

Verksemda har som føremål å arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest mogeleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonnstunnelen og lang tunnel tin Jondal, og med tilførselsveggar, samt arbeide for ein best mogeleg kopling mot stamvegnettet både mot øst og i vest. Verksemda kan delta i og/eller arbeide saman med andre verksemdar med tilsvarende føremål.

Kommunen eig verksemda saman med Odda (13,96%), Jondal (13,69%), Kvam (13,69%) og ei rekkje andre aksjonærar.

Det er lite aktivitet i verksemda, og inntektene i Hardangervegen har vært fallande dei siste fem åra. Resultatet i verksemda varierer stort og har i tre av dei fem siste åra vert negativt. Dette er nokså naturleg gitt verksemda si natur. Likviditeten i verksemda er tilfredstillande og gjeldsbelastninga er låg.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2014	2013	2012
Eigenkapital	131	137	102
Inntekter	82	114	151
Resultat før skatt	-5	34	-1

2.5 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om selskapskontroll, men noen er likevel tatt med her for å få gi ein betre oversikt over kommunen sine interesser.

Samnanger kommune har i 2015 hatt samarbeid med Vaksdal kommune om PPT, med Fusa og Tysnes vedr. Veterinærteneste, og kommunen har felles landbrukskontor – Bjørnefjorden landbrukskontor - med Os, Fusa og Tysnes. Barnevernet har samarbeidd med Fusa og Kvam om m.a tilsynsførar og godkjenning av fosterheimar, og det er no (i 2016) inngått avtale med Bergen kommune. BIR renovasjon har avtale med Samnanger kommune om renovasjon i kommunen, dette gjeld og innkrevjing av renovasjonsgebyr. Samnanger kommune er med i Bjørnefjorden næringsutvikling, Business region Bergen og innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Frå 2009 samarbeidar kommunen med Os kommune om legevakt. Samnanger har felles brannsjef med Bergen brannvesen. Kommunen er og medlem i Bergen og omland friluftsråd som forvaltar nokre av dei offentlege friområda. Samnanger kommune har eit felles prosjekt med Os og Fusa om kols- og diabetestjenester. Kommunen har i 2014 inngått avtale om skatteoppkrevjartenester med Kvam Herad. Sekretærteneste for kontrollutvalet kjøper kommunen hos fylkeskommunen i Hordaland. I 2015 har Samnanger også samarbeidd med Os og Fusa om ein felles næringsarealplan.

3 Forslag til selskapskontrollar

Val og prioritering av selskapskontrollar vil gå fram av plan for selskapskontroll 2016 - 2020 som kontrollutvalet utarbeider.

Ein kontroll skal omfatte ein eigarskapskontroll eller ein forvaltningsrevisjon av selskapet avhengig av kva kontrollutvalet vurderer som naudsynt.

I den overordna analysen har ikkje vi avdekkja risikoar knytt til konkrete selskap som etter vår vurdering tilseier at det bør prioriterast å gjennomføre selskapskontroll. I vårt forslag til plan anbefaler vi i staden å legge inn ein overordna gjennomgang av eigarskapsforvaltninga som prosjekt.

	Selskap/område	Eigar del	Risiko-områder	Selskapskontroll
1	Eigarskapsforvaltninga	IA	<ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa• Rutinar for val av styrerepresentantar• Opplæring av styrerepresentantar	Eigarskapskontroll/ forvaltningsrevisjon (innanfor § 80)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2016 Deloitte AS

PS 47/16 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:

Rekneskap pr 02.11.2016

Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Beløp	Rev.budsjett
12700	Konsulenttenester	5315	1100	Revisjon	134 378	170 100
14290	Betalt mva - momskomp	5315	1100	Revisjon	33 595	38 760
17290	Momsrefusjon drift	5315	1100	Revisjon	-33 595	-38 760
		5315	1100	Revisjon	134 378	170 100
10802	Tapt arbeidsforteneste	5315	1101	Kontrollutval	0	10 000
10803	Møtegodtgjering	5315	1101	Kontrollutval	26 980	28 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	1101	Kontrollutval	3 804	5 358
11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	5315	1101	Kontrollutval	400	500
11150	Matvarer	5315	1101	Kontrollutval	1 040	1 500
11400	Kunngjeringar	5315	1101	Kontrollutval	422	0
11501	Kurs/ opplæring	5315	1101	Kontrollutval	12 694	15 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	5315	1101	Kontrollutval	0	5 000
11950	Kontingentar	5315	1101	Kontrollutval	1 400	1 300
12700	Konsulenttenester	5315	1101	Kontrollutval	0	170 201
13300	Kjøp frå fylkeskommunen	5315	1101	Kontrollutval	88 725	153 000
14290	Betalt mva - momskomp.	5315	1101	Kontrollutval	22 287	89 640
17290	Momsrefusjon drift	5315	1101	Kontrollutval	-22 287	-89 640
		5315	1101	Kontrollutval	135 466	389 859
		5315			269 844	559 959

*Saknr./Journalnr*
14/954/16/6920/SEN/TB*Arkivkode*
FE-614, FA-H12, TI-
&42*Dato:*
11.09.2016

Prosjekt: Samnangerheimen**Skrevet av:** Tor Børresen

Sak: Sluttrapport Samnangerheimen.

1. Beskrivelse

Prosjektet omfattet riving av eldste del av eksisterende sykehjem, bygging av nytt sykehjem med 16 nye sykehjems plasser, dagsenter, velferdsenter, storkjøkken og administrasjon. I tillegg ble deler av 95 bygget (en etasje) oppusset.

Arealer (BTA):

Oppussing av 95 bygg: 450 m²

Nybygg: 2600 m²

Arbeidene startet 17. november 2014 og bygget ble delvis tatt i bruk den 31.03.2016. Overtakelsesforretning (ferdigstilling) ble holdt den 14.04.2016.

2. Organisering

Arbeidene ble utført i generalentreprise med følgende hovedaktører:

Byggherre:	Samnanger kommune v/rådmann Tone Ramsli
Prosjektering:	Norconsult AS
Uavhengig kontroll, prosjektering:	Asplan Viak AS
Prosjektledelse:	Asplan Viak AS v/prosjektleder Olav Turøy
Byggeledelse:	Samnanger kommune v/byggeleder Tor Børresen
Generalentreprenør:	Hent AS v/prosjektleder Kjell Ulriksen

**3. Økonomi**

Prosjektet nytt sykehjem i kommunen har pågått lenge, med ulike lokaliseringer, løsninger og budsjett. Utgangspunkt for økonomirapporten er arbeidsstart for byggeleder i januar 2015 og sluttdato den 11.09.2016.

Tabellen nedenfor viser budsjett pr. januar 2015 og budsjett pr. januar 2016 etter økt ramme.

Entreprisekostnad kontrakt	73.214.145
Prosjektering (Norconsult)	9.840.000
Uavhengig kontroll (Asplan Viak)	195.000
Prosjektledelse (Asplan Viak)	1.300.000
Byggeledelse (Samnanger kommune)	2.060.000
Byggestrøm, rigg og div. kostnader	300.000
Rentekostnader	1.800.000
Merverdiavgift	22.102.000
Sikkerhetsmargin	11.188.855
Budsjettsum pr. 01.01.2015	122.000.000
Økt ramme i 2016 – budsjett (inkl. mva)	2.500.000
Budsjettsum 2016.	124.500.000

Regnskapet er ikke ferdig da det pågår reklamasjoner og noen mindre restarbeider.

Når bestilte restarbeider og andre kjente kostnader medtas, er foreløpig regnskap pr. september 2016 som følger:

Entreprisekostnad kontrakt	73.214.145
Entreprisekostnad tillegg	7.537.000
Prosjektering (Norconsult)	13.986.000
Uavhengig kontroll (Asplan Viak)	198.000
Prosjektledelse (Asplan Viak)	935.000
Byggeledelse (Samnanger kommune)	2.060.000
Byggestrøm, rigg og div. kostnader	846.855
Rentekostnader	1.823.000
Merverdiavgift*	23.900.000
Sum	124.500.000

*Oppgitt merverdiavgift er ikke eksakt og vil bli fastsatt når endelig byggeregnskap er klart.



4. Utfordringer

Byggeleder mener følgende utfordringer har vært de største i prosjektet:

- a. Mangelfull og for sen detaljprosjektering.
- b. Mange endringsmeldinger fra Hent.

- a. Mangelfull og for sen detaljprosjektering.

Norconsult har utført prosjektering av alle fag. Oppdraget ble utført med grunnlag i kontrakt av 29.11.2012.

De viktigste manglene i prosjekteringen var:

- Prosjektert løsning av sansehagen var ikke i hht. bestilling.
- Ytterkledning holdt ikke oppgitt brannklasse.
- Adgangskontrollsystem manglet skallsikring flere steder.
- Storkjøkkenleveransen manglet utstyr, og poster for montering.
- Uteglemte poster for sjøanlegg for varmepumpe.
- Feil og mangler på utstyr til varmeanlegget.
- Hele ST-anlegget uteglemt i beskrivelsen.
- Asfalt og deler av grunnarbeidet uteglemt i beskrivelsen for parkeringsplass.
- Generelt store avvik på prosjekterte og utførte (virkelige) mengder.
- Levering av tegninger etter produksjonsstart.
- Mange kollisjoner på rørføringer for tekniske fag.

- b. Mange endringsmeldinger fra Hent.

Mangelfull og for sen detaljprosjektering har ført til mange endringsmeldinger fra Hent. Med totalt 304 endringsmeldinger har det vært store utfordringer å holde byggetiden og godkjent kostnadsramme.

For å løse denne utfordringen har entreprenør og byggherre brukt store ressurser for i fellesskap å finne gode løsninger. Dette samarbeidet har vært vellykket og gitt gevinst for begge parter.



5. Konklusjon

Samnanger kommune har fått et nytt sykehjem av god kvalitet, til avtalt tid og pris.

Prosjekteringsarbeidet utført av Norconsult har ikke vært tilfredsstillende. Det har vært mange feil og mangler i beskrivelsen, og detaljprosjekteringen ble utført for sent. Prosjekteringskostnadene ble alt for høye.

Samarbeidet med Hent AS har vært bra. Hent har vært fleksibel og konstruktive kva gjelder endringer fremlagt i produksjonstiden. Utbedring av reklamasjoner har tatt for lang tid og er ikke tilfredsstillende utført.

Overbygd parkering for tjenestebiler er ikke bygd, og må betraktes som et avvik på bestillingen.



RAPPORT ETTER TILSYN MED
SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEIDET
I SAMNANGER KOMMUNE
31. MAI 2016

TILSYNSRAPPORT

RAPPORT ETTER TILSYN MED SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEIDET I SAMNANGER KOMMUNE

OM TILSYNSOBJEKTET:	
Kommunenr. og namn:	1242 Samnanger
Besøksadresse:	Samnanger kommune Tyssevegen 217 5650 Tysse
Postadresse:	Samnanger kommune Tyssevegen 217 5650 Tysse
Dato for tilsynet:	31. mai 2016
Kontaktperson:	Hilde-Lill Våge

OM TILSYNSFØRANDE MYNDIGHEIT:	
Namn:	Fylkesmannen i Hordaland
Tilsynsgruppe:	Mads Munkejord Alfa M. Sefland
Tilsynsleiar:	Mads Munkejord
Spørsmål til rapporten:	Tlf.: 55 57 23 83
Jnr./arkivkode:	2015/12078 – 350

SAMANDRAG AV FUNN I TILSYNET:

Etter tilsyn med utvalde område knytt til kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderer Fylkesmannen i Hordaland med følgjande:

Avvik:

Fylkesmannen avdekte to avvik under tilsynet:

1. Viktige og relevante risikotilhøve er ikkje omtalt i Samnanger kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Analysen manglar involvering av eksterne aktørar i arbeidet, i tillegg er tilhøve som treng ytterlegare oppfølging – det vere seg gjennom identifisering av moglege tiltak eller meir detaljerte analysar – ikkje identifisert.
2. Samnanger kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Merknad:

Samvirkeprinsippet, som vart innført som det fjerde beredskapsprinsippet i 2012, er ikkje innarbeidd i beredskapsplanen saman med dei tre andre prinsippa om ansvar, nærleik og likskap.

Bergen, 16. juni 2016

Mads Munkejord
tilsynsleiar

Alfa M. Sefland

TILSYNSRAPPORT

INNHALD

1. Innleiing	4
2. Heimelsgrunnlag for tilsynet	4
3. Kva tilsynet omfattar	4
4. Dokumentasjon lagt til grunn for tilsynet	5
5. Deltakarar i tilsynet	6
6. Funn i tilsynet (avvik og merknader)	6
7. Fristar og vidare oppfølging.....	8

TILSYNSRAPPORT

1. INNLEIING

Fylkesmannen i Hordaland førte regelfast tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Samnanger kommune 31. mai 2016. Før tilsynsbesøket fekk Fylkesmannen tilsendt relevante dokument for tilsynet. Det vart halde eit førebunde telefonmøte med Samnanger kommune 26. april 2016.

Tilsynsdagen tok til med eit kort opningsmøte før ein gjekk over til individuelle samtalar med utvalde personar i heradet.

Funna frå tilsynet vart lagde føre for kommunen per e-post 14. juni 2016, og presenterte i sluttmøte per telefon påfølgjande dag. Kommunen fekk her høve til å kommentere Fylkesmannen sine funn i tilsynet og korrigere eventuelle mistydingar og uklåre tilhøve. Fylkesmannen og kommunen avtalte på sluttmøtet at det ikkje var naudsynt å gå vegen om ein førebels tilsynsrapport før endeleg tilsynsrapport vart overlevert.

2. HEIMELGRUNNLAG FOR TILSYNET

Fylkesmannen er gjennom [instruks 19. juni 2015 nr. 703 for fylkesmannens og Sysselmannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering](#) pålagd å føre tilsyn med heimel i gjeldande lov- og forskriftsverk.

Vidare skal Fylkesmannen gje råd, rettleie og vere pådrivar for målretta og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i fylket, samt sjå til at fylkeskommunen og kommunane tek omsyn til samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsplanlegginga.

Den direkte heimelen for dette tilsynet går fram av

- a) [lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\) \(§ 29\)](#)
- b) [forskrift 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt \(§ 10\)](#)

Jf. § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt er det Fylkesmannens oppgåve å føre tilsyn med at kommunane si oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet er i samsvar med lovmessige krav og forventningar.

3. KVA TILSYNET OMFATTAR

Fylkesmannen sine tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane er ein kontroll av om kommunane tilfredsstiller dei krav som er sette i lov- og forskriftsverk, m.a. knytt til ROS-analysar og oppfølging av uønskt risiko, utarbeiding av beredskapsplanar, kompetanseheving og øving. Det er viktig at dette arbeidet vert gjort på ein heilskapleg og systematisk måte og at det inngår som ein integrert del av den daglege aktiviteten i kommunane. Det er eit eksplisitt krav til at kommunen skal kunne dokumentere skriftleg at lov og forskrift er oppfylt (jf. § 9 i forskrift om kommunal beredskapsplikt).

TILSYNSRAPPORT

I tilsynsrunde 5 (2016–2019) har Fylkesmannen i tillegg vald å rette eit særleg fokus mot tilhøve knytt til kommunen si oppfølging av verksemder med stort ulykkespotensiale og samfunnsviktig infrastruktur som til dømes kraftforsyning, vatn, veg og IKT.

Fylkesmannens funn ved tilsyn kan bestå av følgjande:

- **Avvik:** *Dvs. brot på krav gjeve i lov- og/eller forskrift*
- **Merknad:** *Dvs. tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som kommunen likevel bør følgje opp*

Tilsynsrapporten omhandlar berre dei avvik og forbetringpunkt som vart avdekt under tilsynet på dei område det vart ført tilsyn med. Tilsynsrapporten gjev såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Tilsynsrapporten er heller inga evaluering av kommunen si evne til å handtere reelle hendingar.

4. DOKUMENTASJON LAGT TIL GRUNN FOR TILSYNET

Til grunn for tilsynet har Samnanger kommune lagt fram følgjande skriftleg dokumentasjon:

- *Akseptkriterium for overordna ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse)*
- *Akseptkriterium til risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) for arealplanar etter plan- og bygningslova*
- *Beredskapsplan [inkl. heilskapleg ROS]*
- *Budsjettframlegg frå rådmannen 2016*
- *Framlegg til akseptkriterium_20140915*
- *Handlingsplan ved alvorlege hendingar [for Samnanger barneskule]*
- *Handlingsplan ved alvorlege ulukker [for Samnanger barneskule]*
- *Handlingsplan ved brann [for Samnanger barneskule]*
- *Hendingar - vassforsyning [internkontrollrutinar]*
- *Kommunal_planstrategi_samnanger_kommune [for 2012–2015]*
- *Kommuneplan_tekstdele_2007-2017_kortversjon*
- *Legevakt Straum og telefonbrot 14.04.16*
- *Legevakt ved vegstengning 13 04 16*
- *Når ein kollega dør [for Samnanger barneskule]*
- *Prosedyrar akuttfasen [etter evakuering av Samnangerheimen]*
- *Prosedyre Straumbrot 08 04 16 [for heimetenesta]*
- *Prosedyre Straumbrot og tlfbrot 08 04 16 [for heimetenesta]*
- *Rapport om arbeidet knytt til stormen Nina*
- *Rekneskap 2015*
- *Rutinar og instruks - teknisk vakt*
- *Samnanger kommune kommuneplan_tekstdele_2007-2017*
- *Samnanger 2015 - einingane sine årsmeldingar med vedlegg*
- *Skjema - statuskartlegging Samnanger kommune 2016*
- *Utfylt skjema 2016 - oversikt over grunnleggande kompetansebehov for ulike funksjonar i beredskapsarbeidet*
- *Varslingslister (vedlegg til beredskapsplan)*

TILSYNSRAPPORT

- Vedtak beredskapsplan [03.03.16.]
- Vedtak budsjett 2016
- Vedtak økonomiplan 2016-2019
- Økonomiplan 2016-2019
- Årsmelding 2015 - hovuddel

5. DELTAKARAR I TILSYNET

Tabellane under syner kven som har delteke i tilsynet frå høvesvis Fylkesmannen og kommunen.

FRÅ FYLKESMANNEN I HORDALAND:

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Mads Munkejord	Seniorrådgjevar	X	X	X	X
Alfa M. Sefland	Seniorrådgjevar	X	X	X	X

FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

NAMN	FUNKSJON	FØREBUANDE MØTE	OPNINGS-MØTE	INDIVIDUELLE SAMTALAR	SLUTT-MØTE
Knut Harald Frøland	Ordførar		X	X	
Tone Ramsli	Rådmann	X	X	X	X
Kenth Opheim	Einingsleiar teknisk forvaltning		X	X	
Endre Kulleseid	Einingsleiar teknisk drift		X	X	
Jan Erik Boge	Sektorleiar organisasjon		X	X	X
Hilde-Lill Våge	Ass. rådmann/beredskaps-kontakt	X	X	X	X

6. FUNN I TILSYNET (AVVIK OG MERKNADER)

Etter tilsyn med utvalde område knytt til Samnanger kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderer Fylkesmannen i Hordaland med følgjande:

Avvik nr. 1

Viktige og relevante risikotilhøve er ikkje omtalt i Samnanger kommune sin heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). Analysen manglar involvering av eksterne aktørar i arbeidet, i tillegg er tilhøve som treng ytterlegare oppfølging – det vere seg gjennom identifisering av moglege tiltak eller meir detaljerte analysar – ikkje identifisert.

Referanse

Funnet er eit avvik i høve til § 14 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 tredje ledd, bokstavane a, b, c, e og f, samt § 2 fjerde og femte ledd.

TILSYNSRAPPORT

Utfyllande informasjon

Samnanger sin ROS-analyse vart utarbeidd og forankra i kommunestyret i Samnanger i 2011. ROS-analysen vart administrativt revidert i august 2015 og forankra i kommunestyret i mars 2016 som eit vedlegg til beredskapsplanen. Revidert ROS inneheld minimale endringar i høve til opphavleg ROS. Sjølv om ikkje dette treng vere eit problem, så ligg det ikkje føre skriftleg dokumentasjon av kva vurderingar som ligg til grunn for ein slik «minimums-revisjon».

ROS-analysen er kortfatta og poengtert, men fleire relevante risikotilhøve er ikkje omtalt eller «kvittert ut» i analysen (t.d. masseskadar/storulykke/farleg gods, pandemi). Vidare er det tema som forskrifta krev skal inngå i analysen, som ikkje er omtalt, eller tilstrekkeleg omtalt (jf. §§ 2b, 2c, 2e og 2f i forskrift om kommunal beredskapsplikt.)

Samnanger kommune kan heller ikkje dokumentere at han har sett til at relevante offentlege og private aktørar har vortne invitert med i utarbeidinga av ROS-analysen.

Samnanger kommune manglar vidare plan for systematisk oppfølging av avdekte risikotilhøve, sjå òg avvik nr. 2.

Avvik nr. 2

Samnanger kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Referanse

Funnet er eit avvik i høve til § 14 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 første ledd, bokstav a og b.

Utfyllande informasjon

Samnanger kommune kan ikkje dokumentere at kommunen med utgangspunkt i heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen kan heller ikkje dokumentere at ein har vurdert tilhøve avdekt i den heilskaplege ROS-analysen som bør integrerast i planar og prosessar etter plan- og bygningslova.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet skal vere integrert i den daglege kommunale verksemda. Til dette ligg det òg at arbeidet skal innarbeidast i kommunen sitt «styringshjul» og omtalast i m.a. økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport, jf. [kapittel 8 i kommunelova](#). Temaet bør òg inngå i kommunal planstrategi og kommuneplanens arealdel og samfunnsdel, samt integrerast i all planlegging etter plan- og bygningslova.

Den administrative delen av beredskapsplanen til Samnanger inneheld mål knytt til samfunnstryggleik og beredskap, men overordna mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er elles ikkje nemnt i særleg grad i kommunens styrande dokument. Både kommunal planstrategi og kommuneplanens arealdel er for tida under

TILSYNSRAPPORT

revisjon i Samnanger kommune. Kommunen må nytte høve til å beskrive mål og strategiar knytte til samfunnstryggleik og beredskap i dette planverket.

Merknad nr. 1

Samvirkeprinsippet, som vart innført som det fjerde beredskapsprinsippet i 2012, er ikkje innarbeidd i beredskapsplanen saman med dei tre andre prinsippa om ansvar, nærleik og likskap.

7. FRISTAR OG VIDARE OPPFØLGING

Fylkesmannen ber om skriftleg tilbakemelding på tilsynsrapporten innan 15. august 2016. Tilbakemeldinga skal innehalde ein plan for oppfølging av avvika. Samstundes ber vi om kvartalsvis status for framdrifta i arbeidet, første gang per 1. desember 2016.

Avvik 1 og 2 skal vere lukka innan 1. desember 2017.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 16/399	Løpenr: 16/7423
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	29.09.2016	073/16	NE

FINANSRAPPORTERING PR 2.TERTIAL 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporten for 2.tertial 2016 vert tatt til etterretning.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning i Samnanger kommune, vedteke av Kommunestyret 30.juni 2016.

Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning finansreglementet vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Reglement for finans- og gjeldsforvaltning finansreglementet skal vedtakast kvar kommunestyreperiode, oftare ved behov. Kommunestyret vedtok nytt reglement 30.juni 2016 og erstattar reglementet som vart vedtatt i 2012. Det er ikkje foretatt store endringar i det nye reglementet.

Finansplassering**Innskot og aksjar:**

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) er pr august 1,0 % på driftskonto, fondskonto og skattetrekkskonto. Renta i DNB er på 0,35 %.
- Kommunen har sidan 2007 hatt aksjar i Nordisk Areal Invest as. Den siste egedomen i Nordisk Areal as er selt og kommunen har fått tilbakebetalt tidlegare innbetalt kapital med totalt kr 861 234. Siste utbetaling kjem i 2017. Kommunen har 39 147 aksjar og

4 av 12

bokført verdi var kr 31,50 pr aksje ved utgangen av 2015. Informasjon frå selskapet er at verdien no er redusert til kr 28 pr aksje og dette vil gje eit tap på kr 137 000 i forhold til bokført verdi.

- Pengemarkedsfondet "Pluss-fondet" har ein verdi pr 31.08.16 på kr 260 845,78 noko som er ein verdioppgang på kr 3 683,73 frå 01.01.16.
- Sjukeheimen er ferdig , men det er ikkje send inn søknad om utbetaling av tilskot. Det er derfor nødvendig å ha likvide midlar tilgjengeleg som bankinnskot. Det vert gjort ein ny vurdering av ledig kapital og plassering når tilskotet er utbetalt.

	31.12.2015		30.04.2016		31.08.2016	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	9,38	30 %	21,73	58 %	10,39	49 %
Innskot i SPV (fondskonto)	20,34	65 %	15,34	41 %	10,34	49 %
Innskot i DNB	1,42	5 %	0,35	1 %	0,23	1 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,26	1 %	0,26	1 %	0,26	1 %
Samla kortsiktig likviditet	31,40	100 %	37,68	100 %	21,22	100 %
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjar*: Nordisk Areal Invest as	1,23	-0,76	1,23	0,00	0,37	-0,13
kr pr aksje	31,5*		31,5		28	

Lån og rentevilkår

- Det er i 2016 gjort vedtak om låneopptak på til saman kr 5,7 mill . Kr 2,7 mill er knytt til sjukeheimen, inventar og utstyr og kr 3 mill gjeld restfinansiering av Bjørkheimsområdet.
- Det vart i 2015 gjennomført anbodskonkurranse på rammeavtale om lån. KLP og Kommunalbanken leverte begge anbod og vart valde som leverandørar. Det er i haust gjennomført minikonkurranse og KLP er valt som leverandør for lånet på kr 5,7 mill. Lånet vert betalt ut i september/ oktober og skal betalast tilbake over 40 år. Det er valt fastrente i 3 år på 1,77 %. Dette er tilsvarende den flytande renta i KLP, men er under den flytande renta som er i Kommunalbanken.
- Norges bank vedtok i rentemøtet 22.september å halde styringsrenta uendra på 0,5 %. Dei har og signalisert at renta vil vere låg dei neste åra.
- Kommunalbanken auka renta frå 1,65 % til 1,8 % frå 22.august 2016. Forklaringa dei gir er at pengemarknadsrenta har auka og dermed og påslaget på Norges Bank si styringsrenta.
- Husbanken si flytande rente er på 1,59 % og er frå oktober sett ned til 1,51 %.
- Føresetnadane i budsjettet var på ei rente 1,3 % på lån med flytande rente. I økonomirapporteringa for 1.terital vart budsjettet auka med kr 300 000. No er renta auka på lån frå Kommunalbanken og budsjettet må styrkast ytterlegare. Dette vert tatt inn i økonomirapporteringa
- Det er gjort vedtak om at kommunen i 2016 skal betala minimumsavdrag. Dette er berekna til å utgjera kr 1 mill i redusert avdrag jf nedbetalingsplan. Det er avdrag på lån i Kommunalbanken som er blitt redusert
- Det vart i 2015 tatt opp eit byggjelån på kr 20 mill som skal betalast tilbake når tilskotet frå Husbanken vert utbetalt. Dette vil skje når tilskotet frå Husbanken vert utbetalt.
- Kommunen har ca 42 % av lånegjelda med bunde rente. Kravet i finansreglementet er at andel lånegjeld med bunde rente skal vera på minimum 20 % og inntil 70 %, vurdert ut i frå marknadssituasjonen.

5 av 12

- På slutten av 2016 går rentebindingstida ut på 5 lån i Husbanken. Disse låna utgjør til saman 2,49 % av den totala lånegjelda pr 31.08.16.

	31.12.2015		30.04.2016		31.08.2016	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	143,12	59 %	141,14	59 %	139,43	58 %
Lån med NIBOR basert rente						
Lån med fast rente	100,66	41 %	99,92	41 %	99,41	42 %
Finansielle leasing						
Samla langsiktig gjeld	243,79	100 %	241,06	100 %	238,84	100 %
Antall løpende enkeltlån	30		30		30	
Største enkeltlån	NOK 48 mill		NOK 48 mill		NOK 48 mill	
Rentevilkår:						
KLP: flytande						
fast	1,83 %		1,83 %		1,83 %	
Kommunalbanken: flytande						
fast	1,66 %		1,66 %		1,80 %	
fast	1,59 % - 2,92 %		2,92% - 3,94%		2,92% - 3,94%	
Husbanken: flytande						
fast	1,98 %		1,67 %		1,59 %	
fast	1,89%-2,66 %		1,9%-2,66 %		1,9%-2,66 %	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 16/399	Løpenr: 16/7346
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	29.09.2016	074/16	NE

ØKONOMIRAPPORTERING PR AUGUST 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		300 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	300 000	
Tilskot flyktningar		2 721 000
Utgift knytt til mottak av flyktningar	1 011 000	
Avsett til disposisjonsfond	1 710 000	
Meirinntekter barneskulen		170 000
Innsparing sosialhjelp		300 000
Vakant stilling psykolog		200 000
Innsparing samarbeid kols og diabetes		70 000
Husleige for høgt budsjettert	200 000	
Auka budsjettramme sjukeheim	800 000	
Auka renteutgift lån	100 000	
Tap på aksjar	137 000	
Utbytte frå BIR,		75 000

Bruk av tillegsløyving		275 000
Seniorpolitisk plan	150 000	
Kutt konsulent	100 000	
Bruk av tillegsløyving til lønsoppgjær		397 000
Bruk av premiefond KLP, inkl aga		4 100 000
Redusert premieavvik 2016 inkl aga	4 100 000	
Dekke inn underskot i 2015	982 363	
Bruk av disposisjonsfond		982 363
Investeringsbudsjettet:		
EK-KLP auka utgift	96 524	
Finansiert med inv.fond		96 524
Utbetring av veg og mur	300 000	
finansiert med ubunde inv.fond		300 000
Kontrollsum	9 986 887	9 986 887

Kva saka gjeld:

Det vert rapportert til kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr 31.08.2016. Rapporten kjem i tillegg til finansrapporteringa for 2.tertial. Det vert sett på hovudinntektsområde som skatt- og rammeinntekter og konsesjonskraft. Kommunen brukar KS sitt rapporteringsverktøy "betre styring" til budsjettkontroll og fråver pr eining. Det er brukt mykje tid og ressursar i budsjettarbeidet i haust, og me har derfor valt å ikkje prioritere å ta ut rapport frå betre styring denne gongen. Einingsleiarane har rapportert i betre styring som planlagt, og tilbakemeldingar frå dei og sektorleiarar har lagt grunnlaget for økonomirapportering.

Skatt- og rammeinntekter.

I statsbudsjettet for 2016 er det estimert ein skattevekst på 6 % for kommunane. Den er auka opp til 6,4 % i revidert nasjonalbudsjett. Det er ei målsetting av skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal ligge på 40 %. I 2015 vart skattedelen lågare enn 40 %, og for 2016 vart difor skatteøret auka frå 11,35 % til 11,8 %. Denne endringa har no fått effekt. Pr august hadde kommunane samla ein årsvekst på 8,2 % samanlikna med tilsvarende periode i fjor. For Samnanger sin del er skatteveksten pr august på 5,4 %, og den ligg på 97,1 % av landsgjennomsnittet når ein ikkje tek omsyn til inntektsutjamning. Samanlikna med budsjett er inntekta ca kr 275 000 høgare enn periodisert budsjett pr august.

Inntektsutjamning er med på å fordela skatteinntektene mellom skattesvake og skattesterke kommunar. Inkludert inntektsutjamning for august er det utbetalt kr 218 000. Inntektsutjamning er vanskeleg å estimera, men basert på tidlegare års erfaring har me fått ca kr 300 000 meir enn budsjett. Me har budsjettert med kr 1 350 000 i inntektsutjamning i 2016. I 2015 fekk kommunen kr 734 314.

Rammetilskot ligg om lag som i revidert budsjett etter at kommunen har mottatt kr 67 000 til ekstra vedlikehald. Dette er ei ekstraløyving pga aukande arbeidsløyse, og kan ikkje nyttast til ordinær drift.

Oppsummert skatt- og rammetilskot: Skatteinntektene ligg ca kr 275 000 over budsjett pr august. Det ser og ut til at kommunen vil få meir i inntektsutjamning enn budsjettert, men, som tidlegare år har vist oss, får me dessverre ikkje full oversikt over skatteinngangen og inntektsutjamning før året er over. Det bør likevel vere mogeleg å legge til grunn at skatteinngangen vert kr 300 000 meir enn budsjettert. Dersom trenden heldt seg ut 2016, vil me få meirinntekter utover det me allereie ser.

Konsesjonskraft.

Det vart budsjettert med inntekt på kr 2,5 mill i 2016. Etter at prisutviklinga i første kvartal i 2016 ikkje vart som forventa, er denne inntekta justert ned til kr 2,3 mill. i revidert budsjett.

Prisane i 2016 har så langt vore låge, og me kan no forvente inntekter på under kr 2 mill. Sjølv om prisen har auka i ein skilde delar av landet og i Sverige, er NO5 området (Vestlandet), innelåst pga avgrensing i nettkapasitet mellom Vestlandet og Austlandet. Prognosane pr august for 2016 viser inntekter ned mot kr 1,6 mill. Kommunen sel 36,78 % av krafta dei siste 4 månadane og ei auke i prisane i denne perioden vil få stor effekt. Budsjettet bør likevel justerast ned til kr 2 mill.

Tilleggsloøyvingskonti

Me forventar som tidlegare meldt ei innsparing på lønsoppgjeret 2016. Me budsjetterte med eit lønsoppgjer på kr 3 mill, men forventar at dette vil enda på ca kr 2,5 mill.

Det vart i budsjettet for 2016 budsjettert med ei forventa innsparing på kr 150 000 på å avvikle seniortiltaket. Me vil ikkje få innsparing på tilretteleggingstilskotet i heile 2016, og innsparinga vil bli lågare enn forventa. Innsparinga er ikkje fordelt ut på eininga, og for å unngå meirarbeid foreslår me å sjå denne innsparinga i samanheng med løyvinga som er sett av til lønsoppgjeret.

Det er og budsjettert med ei innsparing på konsulentbruk som ikkje er fordelt ut på einingane. Me forslår og å sjå denne innsparinga i samanheng med løyvinga som er sett av til lønsoppgjeret.

Renteutgifter

I førre tertialrapportering vart budsjettet auka opp fordi det opphavleg var budsjettert med 1,3 % rente på lån med flytande rente medan kommunen betalt 1,65 % rente på desse låna. Frå august har Kommunalbanken heva renta til 1,8 %. I tillegg har me renteutgifter på byggjelånet til sjukeheimen som ikkje er betalt tilbake. Dette vart i budsjettet lagt til grunn at dette skulle betalast tilbake på eit tidlegare tidspunkt. Renteutgiftene vil bli ca kr 100 000 høgare enn i rev. budsjett, føresett at byggjelånet vert betalt tilbake i løpet av kort tid.

Tilskot til flyktningar.

Kommunane får tilskot for heile det første året det kjem flyktningar til kommunen uavhengig av når på året dei kjem. Tilskotet i år 1 er kr 184 000/234 000 pr person, det aukar til kr 220 000 i år 2 og går deretter gradvik ned til kr 70 000 i år 5 som er det siste året kommunen får tilskot. Erfaring har vist at det kan vera fornuftig å sette av noko av dette tilskotet når dei kjem seint på året slik at det er midlar til å dekke evt. kostnader når tilskotet vert trappa ned. Det vart ikkje budsjettert med utgifter og inntekter til flyktningane i 2016 då me såg at det ville som eit minimum gå i balanse. Basert på det tal flyktningar som er kjend for oss vil me i 2016 få tilskot på totalt kr 2,7 mill. Utgiftene reknar me til ca kr 1 mill. Tilskotet er ikkje øyremerkta frå staten si side, og dersom det vert underskot på rekneskapen kan det ikkje settast av til fond. Utgangspunktet bør likevel vera at me set av noko av dette tilskotet til disposisjonsfond i 2016.

Meirforbruk 2015

Kommunen fekk i 2015 eit meirforbruk (underskot) på rekneskapen på kr 982 363,49. Dette vedtok kommunestyret i sak 13/16 å forsøke å dekke inn i 2017. Me bør no sjå på om det er mogeleg å dekke underskotet inn i år. Meirinntekter frå tilskot til flyktningar kan for eks. brukast til å dekke meirforbruket.

Nordisk Areal as

Selskapet skal som tidlegare rapportert avviklast i 2016-2017. Siste tilbakebetaling vert våren 2017. Kommunen har fått melding om at kursen er redusert frå 31,50 pr aksje til kr 28 pr aksje. Kommunen har 39 147 aksjar og dette vil gje eit tap på kr 137 000 som me bør ta omsyn til i årets rekneskap.

Utbytte frå BIR as

BIR AS har betalt ut utbytte for 2015 på kr 175 000. Dette er kr 75 000 meir enn budsjettert.

Premieavvik og bruk av fond

Premiefondet som kjem frå avkastning på midlar i KLP, vert fortløpande brukt til å betale faktura frå KLP. Når me brukar av fondet, reduserer dette forventa premieavvik. Det bør derfor budsjettjusterast mellom desse postane. Så langt i 2016 er bruk av fond blitt 4,1 mill høgare enn budsjettert inkludert arbeidsgjevaravgift.

Eigenkapitaltilskot KLP

Kommunen har kollektiv pensjonsordning for alle tilsette. Lærarane er i SPK (statens pensjonskasse) og alle andre tilsette er i KLP (kommunal landspensjonskasse). Kollektiv pensjonsordning sikrar ytingsbasert pensjon for alle tilsette. KLP er eit gjensidig eigd selskap, og alle som har avtaler om offentleg tenestepensjon betaler eigenkapitaltilskot. I 2016 er dette tilskotet blitt kr 96 524 meir enn budsjettert. Budsjettet var på kr 428 000, og eigenkapitaltilskotet er blitt på totalt kr 524 524. EK-tilskotet vert ført i investeringsrekneskapen og kan finansierast på to måtar, anten med overføring frå driftsrekneskapen eller med bruk av ubunde investeringsfond. I budsjettet for 2016 var det budsjettert med bruk av ubunde investeringsfond. Me forslår å auke fondsbruken med kr 96 524.

Sektor.**Sektor for oppvekst og kultur**

T.o.m. septemberløn viser at sektoren under eitt ligg bra an, men med nokre variasjonar mellom einingane. Størst negativt avvik har SFO. Nokre av tiltaka som er foreslått i prosessen kring oppfølging av AgendaKaupang- rapporten, er allereie iverksatt frå august 2016. Dette for å vera i forkant av dei 7/12- delane som eit barnehage- og skuleår bind opp. På barneskulen er det ført inn ei inntekt på kr 170.000 som høyrer heime i 2015. Denne ressursen har eininga fått melding om at dei ikkje får disponere. Barnehageeininga meldar ikkje om avvik. Her er det gjort endringar i organiseringa av administrasjonsressurs frå hausten 2016. Kultur og ungdomsskulen har ikkje varsla om avvik

Resultat: Elles er det gledeleg å registrera grunnskulepoenga frå Samnanger kommune, våren 2016: 43,9. Det er langt over fylke- og landssnitt.

Sektor for helse og omsorg meldar at dei har problem med å klare og halde budsjettet. Sjukeheim og heimetenester har hatt utfordringar med vakansar og sjukefråvær. Det er eit større meirforbruk på overtid som skuldast pålagt overtid, bak-vakter, forskyving av vakter pga sjukemeldingar, vakante stillingar, permisjonar og sjukepleiarmangel. Eit tiltak som vart gjort for å redusera ressursbruken på sjukeheimen i 2016 var å stenge 1-posten og nytta egne tilsette i staden for vikarbyrå på ein krevjande bebuar. For å trygga personalet i denne jobben måtte me bruke vesentleg

10 av 12

fleire opplæringsvakter enn føreset. Det medførte m.a. bruk av overtid. Totalt er det brukt kr 880 000 på overtid mot budsjettet kr 363 000. Ferieavvikling har det ikkje vore mogeleg å få til utan å bruke vikarbyrå. Pr august er det brukt kr 200 000 meir på vikar enn budsjettet. Det er framleis ferie som ikkje er avvikla. Låg sjukepleiedekking var utfordrande og ga oss ekstra kostnader då me også hadde drift på Vaksdal. Dette hadde me dei 3 første månadane av 2016. Sjukeheimen har og brukt meir pengar på inventar og utstyr. Det var budsjettet med kr 700 000 som skulle brukast i samband med innflytting og dei har brukt kr 137 000 meir. Det er aktuelt å bruka «gåvepengar» på delar av desse innkjøpa.

Som meldt i økonomirapporteringa pr april er det budsjettet med for høg inntekt på langtidsopphald. Det var lagt inn eit snitt på 24,8 pasientar, men i realiteten er tal pasientar på 19 – 20 pr md. Budsjetterte inntekter låg ca kr 600 000 for høgt. For kortidsopphald får kommunen berre kr 150 pr døgn.

Sjukeheimen har frå juli leigd ut to plasser til Os kommune a kr 94 162 pr md. Dette gir meirinntekter utover budsjettet inntekt på kr 700 000 og dekkar inntektstapet på langtidsopphald. Det er no inngått avtale om å leiga av ytterlegare ein plass frå oktober. Dette vil gje kr 282 000 i meirinntekter. Sjukeheimen har hatt husleigeinntekter på kr 60 000 på å leige ut husvære til vikarbyrået. Samarbeidet om førebygging kols og diabetes vil bli ca kr 70 000 rimelegare enn forventa.

Kommunen har fått krav frå Vaksdal kommune i samband med utflyttinga i mars på kr 110 250. Me har bedt om spesifikasjon av grunnlag for kravet, men har ikkje fått tilbakemelding endå.

Det er etablert eit nytt dagtilbod for ein funksjonshemma frå hausten 2016 som det ikkje var budsjettet med. Det har og vore auka utgifter knytt til ekstra utfordringar med einskildbrukarar. Dette meiner eininga at det framleis ville vere mogeleg å løyse innafor budsjetttrammene til eining for funksjonshemma.

Helsetunet meldar ikkje om avvik. Det er pr no ikkje tilsett psykolog. Stillinga på 60 % er lyst ut to gonger, men det har ikkje kome kvalifiserte søkarar. Kommunen vurderer no om det er mogeleg å samarbeide med andre kommunar eller andre institusjonar, men dette vil mest sannsynleg ikkje kome i gang før på slutten av året eller etter nyttår. Innsparing på grunn av vakanse vert på ca kr 200 000. Kommunen har mottatt eit øymerka tilskot på kr 190 000 til denne stillinga som evt. må settast av til 2017. Dette var ikkje budsjettet.

NAV meldar ikkje om negativt avvik. Kontoret forventar innsparing på ytingar til livsopphald på mellom kr 200 000. – kr 400 000.

Flyktningkontoret: Det er no kome totalt 8 flyktningar til Samnanger, ein familie på 3 og 5 menn. Ein familie på 6 er venta i veke 38. Det er tilsett flyktningkonsulent i 100 % stilling. I tillegg er det tilsett ein person i 20% stilling som i første omgang vil jobba mot småbarnsfamilien og skuleborn.

Oppsummert: Sektoren ser det som vanskeleg å klara og halde budsjettet. Det er spesielt sjukeheimen som har utfordringar. Noko av dette kan omdisponerast frå innsparing på NAV og vakant stilling psykolog. Dei ber om å få budsjetttramma utvida med kr 1 mill. Kommunen sin økonomi er så stram, og me vurderer at det er mogleg å sette inn nokre kostnadsreducerande tiltak. Det vert tilrådd ei tilleggsøyving på kr 800.000.

Sektor for organisasjon

Den største utfordringa for sektoren ligg framleis innan arbeidet med lønn og personal. Ein person har vore langtidssjukmeldt og har no sagt opp. Stillinga er lyst ut på nytt. Det vil derfor enda ta noko tid før me har nytt personale på plass. Utfordringane innanfor lønn og personal gir også ringverknader for resten av sektoren, fordi arbeidsoppgåver må overtakast av andre. Mellom anna er arbeidet med sjukerefusjonar midlertidig overført til økonomikontoret. I tillegg må me finne ei

intern løysing på lønskøyring i nokre månader fram til februar/ mars 2017. Me kjem til å forsøke å leige inn hjelp på einstilte arbeidsoppgåver slik at me kan frigje interne ressursar.

Sektoren meldar ikkje om økonomiske avvik.

Sektor for samfunn og utvikling.

Sektoren meldar ikkje om meirforbruk på drifta. Teknisk forvaltning meldar ikkje om avvik.

Teknisk drift har hatt utgifter knytt til tilsyn på elektrisk anlegg, innleie av elektrikar og feilsøking på gammalt teknisk utstyr. Det er og fleire investeringsprosjekt som krev oppfølging utan at sektoren har fått tilført ressursar , t.d Bjørkheim og kunstgrasbana.

Inntekter frå husleige er budsjettert ca kr 300 000 for høgt. Dette skuldast mellom anna at nokre leilegheitene ikkje kunne leigast ut med det same etter at sjukeheimen hadde flytta ut frå Hamnahaugen og omdisponering av leilegheiter til psykiatri. Det var og budsjettert med husleigeinntekter i Hagamulen som vart selt tidleg i år. Teknisk drift legg opp drifta for å klare å halde budsjettet, men det er då ikkje midlar igjen til vedlikehald eller uføresette utgifter. Eininga bør derfor få budsjettkorrigert for noko av dei tapte inntektene.

Me forslår å korrigere budsjettet for reduserte inntekter med kr 200 000.

Teknisk drift har no meldt at eit parti på vegen til ungdomsskulen må reparerast snarast. *Det er forskyvingar i mur som held vegen. Mur har sige og støtter seg no inn til lysstolpe. Veg har sige, og personbiler tar nedi og bli skada. Det er og risikofyllt å kjøre inn med tyngre kjøretøy. Det er fare for meir utrasing ned på gangsti viss dette ikkje blir utbeta snarast.*

Muren og gjerde må rivast og kjørast bort . Massane i vegen må skiftast ut. Det må etablerast ny mur på sikker grunn. Veg må byggast opp på ny og asfalterast. Det etablerast nytt gjerde på toppen av muren.

For å kunne utfora dette arbeid, må ein sikra med betongblokker ned i gangsti slik at ikkje stein raser ned på hovudveg. Gangsti må stengast når arbeidet pågår. Arbeidet er svært krevjande på grunn av at hogspentledning ligg i område.

Kostnad til etablering av ny mur (30 m) oppbygging ny veg, montering gjerde og sikring av område under arbeid kr 240.000 + moms.

Me vurderer at dette arbeidet må gjerast straks. Me vurderer det også som eit investeringstiltak, ma.o. ikkje vedlikehald eller utsett vedlikehald. Me foreslår derfor at tiltaket vert finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Oppsummert økonomirapportering

Kommunestyret skal jfr kommuneloven § 47 foreta dei endringar som er nødvendig for å ha eit budsjett i balanse til ei kvar tid. Sektor for helse og omsorg har varsla at dei ikkje vil klare å halda budsjettet. Noko kan omdisponerast innan sektoren og mellom sektorane, men det er og behov for å få tilført midlar. I 1. tertialrapport vart tilleggsøyvingskontoen styrka med kr 275 000 som me no foreslår å bruka. I tillegg forventar me innsparing på lønsoppgjeret og foreslår å redusera denne potten. For detaljert oversikt sjå rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Den økonomiske situasjonen er krevjande. Mottak av flyktingar seint på året, gjer at me har moglegheit til m.a. å dekke fjorårets underskot og ikkje utsette det til 2017 som er krevjande nok.

Til tross for eit stort meirforbruk på sjukeheimen og ein del sviktande inntekter, ligg det an til at me kan få drifta i balanse. Dette er svært gledeleg ikkje minst med tanke på utfordringane framover. Det er likevel fleire usikre faktorar, og det gjer det fortsett naudsynt å styra stramt. Situasjonen på sjukeheimen er utfordrande, men mykje av meirforbruket skuldast nok ei vel optimistisk budsjettering.

FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

SAKNR. 073/16

FINANSRAPPORTERING PR 2.TERTIAL 2016

29.09.16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporten for 2.tertial 2016 vert tatt til etterretning.

29.09.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-073/16 VEDTAK:

Finansrapporten for 2.tertial 2016 vert tatt til etterretning.

SAKNR. 074/16**ØKONOMIRAPPORTERING PR AUGUST 2016****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gjort fylgjande budsjetjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		300 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	300 000	
Tilskot flyktningar		2 721 000
Utgift knytt til mottak av flyktningar	1 011 000	
Avsett til disposisjonsfond	1 710 000	
Meirinntekter barneskulen		170 000
Innsparing sosialhjelp		300 000
Vakant stilling psykolog		200 000
Innsparing samarbeid kols og diabetes		70 000
Husleige for høgt budsjettert	200 000	
Auka budsjettramme sjukeheim	800 000	
Auka renteutgift lån	100 000	
Tap på aksjar	137 000	
Utbytte frå BIR,		75 000
Bruk av tillegsløyving		275 000
Seniorpolitisk plan	150 000	
Kutt konsulent	100 000	
Bruk av tillegsløyving til lønsoppgjer		397 000
Bruk av premiefond KLP, inkl aga		4 100 000
Redusert premieavvik 2016 inkl aga	4 100 000	
Dekke inn underskot i 2015	982 363	

Bruk av disposisjonsfond		982 363
Investeringsbudsjettet:		
EK-KLP auka utgift	96 524	
Finansiert med inv.fond		96 524
Utbetring av veg og mur	300 000	
finansiert med ubunde inv.fond		300 000
Kontrollsum	9 986 887	9 986 887

29.09.2016 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-074/16 VEDTAK:

Det vert gjort fylgjande budsjettjusteringar:

	Utgift opp/ Inntekt ned	Utgift ned/ Inntekt opp
Driftsbudsjettet:		
Auka skatt		300 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	300 000	
Tilskot flyktningar		2 721 000
Utgift knytt til mottak av flyktningar	1 011 000	
Avsett til disposisjonsfond	1 710 000	
Meirinntekter barneskulen		170 000
Innsparing sosialhjelp		300 000
Vakant stilling psykolog		200 000
Innsparing samarbeid kols og diabetes		70 000
Husleige for høgt budsjettert	200 000	
Auka budsjetttramme sjukeheim	800 000	
Auka renteutgift lån	100 000	
Tap på aksjar	137 000	
Utbytte frå BIR,		75 000
Bruk av tillegsløyving		275 000
Seniorpolitisk plan	150 000	
Kutt konsulent	100 000	
Bruk av tillegsløyving til lønsoppgjer		397 000
Bruk av premiefond KLP, inkl aga		4 100 000
Redusert premieavvik 2016 inkl aga	4 100 000	
Dekke inn underskot i 2015	982 363	

Bruk av disposisjonsfond		982 363
Investeringsbudsjettet:		
EK-KLP auka utgift	96 524	
Finansiert med inv.fond		96 524
Utbetring av veg og mur	300 000	
finansiert med ubunde inv.fond		300 000
Kontrollsum	9 986 887	9 986 887



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-7
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	48/16	14.11.2016

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 29.09.16
- Formannskapet 01.09.16, 20.10.16 og 07.11.16
- Naturutvalet 06.09.16 og 08.11.16

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 49/16 Eventuelt